




Årsrapport 2021



Illustrasjoner: Trond Kulterud, HAN SOM TEGNER

Layout og trykk: 07 Media • 07.no

Grunnlagsdata for tal og statistikk i årsrapporten finn du på nettstaden vår: www.lottstift.no

Innhold

1	Del 1 – Oppsummering	4
	Spurten som blei ein maraton	4
2	Del 2 – Introduksjon	6
	Dette er Lotteri- og stiftelsestilsynet	6
3	Del 3 – Aktivitetar og resultat	12
	Slik jobbar vi for å sikre ei sterk frivilligheit	12
	Slik jobbar vi for å sikre ansvarlege pengespel	26
	Slik jobbar vi for å sikre trygge stiftelsar	44
	Vi jobbar for å styrke brukarane og å vere ein relevant samfunnsaktør	58
4	Del 4 – Styring og kontroll	66
	Intern styring og kontroll	66
5	Del 5 – Framtidsutsikter	74
	Vurdering av framtidsutsikter	74
6	Del 6 – Årsrekneskap	76
	Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen	76
	Prinsippnote til årsrekneskapen	78
	Bevilgningsrapport for 2021	79
	Artskontorapport for 2021	81

Direktøren si innleiing:

Spurten som blei ein maraton

Koronapandemien har prega oss gjennom heile 2021. Det vi i 2020 tenkte på som ein spurt, skulle vise seg å bli ein maraton. For Lotteri- og stiftelsestilsynet har pandemien bydd på mange, store oppgåver å løyse. Det har vore både krevjande og givande.

Gjennom pandemien har Lotteri- og stiftelsestilsynet forvalta kompensasjonsordningar for frivilligheita, og for oss har denne jobben hatt høgaste prioritet. Å få rask og rettmessig kompensasjon for tapte inntekter på grunn av koronapandemien har vore eit vere eller ikkje vere for frivillige lag og organisasjonar, og samfunnsoppgdraget vårt er å sikre ei sterk frivilligheit.

Vårt inntrykk som forvaltar er at ordningane i hovudsak har treft godt, og at dei har verka positivt. Dei har hjulpet frivilligheita på vegen til normal drift etter pandemien.

Frå pandemien råka oss i starten av 2020, og til og med 2021 har Lotteri- og stiftelsestilsynet stått for saksbehandling og utbetaling av 3,5 milliardar kroner knytt til kompensasjonsordningane. Det har kravd alt frå forskriftsarbeid, systemutvikling, informasjonsarbeid og saksbehandling til etterkontroll. Heile vegen har vi jobba i tråd med strategien vår – for å styrke brukarane, blant anna ved å forenkle og effektivisere for frivilligheita.

Då Riksrevisjonen reviderte staten si forvaltning av krisepakane i mai 2021, kom Lotteri- og stiftelsestilsynet godt ut. For oss er rapporten ei stadfesting på at det var rett å prioritere etablering av ei effektiv og brukarvenleg forvaltning av kompensasjonsordningane.

Å omprioritere ressursar for å forvalte ordningane har i høgaste grad vore rett, men det har også kosta. Vi har rekruttert arbeidskraft for å ta unna nye oppgåver, men har også måtta flytte erfarne tilsette internt. Vi har levert fullt forsvarleg på alle kjerneoppgåvene til tilsynet, men har på grunn av prioriteringane ikkje hatt full framdrift på alle andre område.

Ny pengespellov på trappene – og tiltak som gir resultat

På pengespelområdet har vi prioritert ressursar til lov- og forskriftsarbeid. Det har vore prioritert frå departementet, og det er viktig for oss at vi får ei ny og moderne lov.

Gjennom pandemien har vi sett at spelarar i enda større grad har flytta seg til digitale plattformer. Vi har følgd einerettsaktørane tett for å sikre at dei følger opp med ansvarlegheitstiltak som hjelper personar med speleproblem.

I 2021 har vi også sett at mange års arbeid for å stenge ulovlege, utanlandske spelselskap ute har bore frukter. Betalingsformidlingsforbodet, reklameforbodet og summen av tiltaka våre har effekt. Vi flyttar spelarar frå ulovlege spel til dei norske, lovlege spela. Samtidig ser vi at vedtaka våre blir prøvde i retten. I løpet av 2021 vann staten to rettssaker mot ulike spelselskap, der det blei stadfesta at den norske einerettsmodellen er i tråd med EØS-retten.

Lovarbeid og førebygging

Stiftelsestilsynet har prioritert førebyggjande arbeid også i 2021. Dei fleste stiftelsane ønsker å følge lova, og ved å jobbe førebyggjande når vi dei som vil gjere rett,

1

men som manglar kunnskapen for å gjere det. Slik kan vi avgrense alvorlege konsekvensar – og hjelpe brukarane våre til å ta kunnskapsbaserte val.

For å gi god rettleiing må vi rette blikket utover og finne ut kor skoen trykker. Gjennom tematilsyn med 36 stiftelsar har vi fått nyttig kunnskap om korleis dei jobbar med å realisere formåla sine. Funna kan vi dele med alle stiftelsar – noko vi meiner kan bidra til å redusere risikoen for fleire.

I 2021 blei fleire tema knytte til ny lov om stiftelsar sende ut på høyring. Vi la ned mykje arbeid i høyringssvaret vårt, sidan vår kunnskap om og erfaring med stiftelsar er viktig i lovarbeidet.

Å dele kunnskap og innsikt om norske stiftelsar sine bidrag til samfunnet er dessutan ein viktig del av arbeidet vårt som tydeleg og relevant samfunnsaktør. Trass i pandemien har vi deltatt på fleire arenaer der vi har møtt stiftelsar og samarbeidsaktørar, og bidratt med vår innsikt.

Sjølvestyrte lag og kompetanseutveksling på tvers

I 2020 jobba vi med ei omorganisering i tilsynet. Den nye organiseringa blei innført frå 2021 og skal gjere oss enda betre rusta for oppdraga våre i dag og i framtida. Sjølvestyrte lag, og ikkje minst tverrgående lag, legg til rette for auka samarbeid og kompetanseutveksling på tvers av organisasjonen.

Eit viktig grep vi gjorde i 2021, var å skilje ut frivilligheit som ei eiga avdeling. Det meiner vi var eit tidsriktig og vellykka grep. Dei seinare åra har Lotteri- og stiftelsestilsynet fått ein betydeleg større oppgåveportefølje på frivillighetsområdet, også når vi ser bort frå situasjonen under pandemien.

Over tid har vi bygd opp fagkompetanse, og vi har utvikla moderne og brukarvenlege systemløyser. Vi er dermed godt rusta til å bidra med vår del av det samla statlege verkemiddelapparatet på frivillighetsområdet. Det blei ytterlegare stadfesta på tampen av 2021, då vi blei bedne om å forvalte kompensasjonsordninga for kultursektoren for 2022.

Eit meir fleksibelt arbeidsliv

Under pandemien har våre tilsette, til liks med mange andre, arbeidd frå heimekontor i lange periodar. Kartleggingar vi har gjort, viser at både trivsel, effektivitet og ergonomi stort sett er varetatt. Mange verdset fleksibiliteten med heimekontor, og gjennom pandemien har også vi blitt meir digitale. Men når vi møtest sjeldnare, går vi også glipp av noko. Mangelen på det kollegiale og sosiale som ein først og fremst får ved å møtast fysisk, påverkar organisasjonen. Spesielt utfordrande er det når nyttilsette skal bli kjende med arbeidsplass og kollegaer.

No ser vi verkeleg fram til å møtast oftare ansikt til ansikt. For organisasjonen og fagmiljøa våre reknar vi med at det vil ha ein positiv effekt å komme tilbake til ein normalsituasjon, då med noko meir fleksible ordningar enn det som var vanleg tidlegare. Når samfunnet opnar meir, skal vi halde reiseaktiviteten vår på eit moderat nivå. Samtidig er det viktig for vår type forvaltnings- og tilsynsområde at vi kan møte brukarane igjen.

Etter mi vurdering har Lotteri- og stiftelsestilsynet oppfylt dei krava som styrande dokument for 2021 stiller til oss. Vi har handtert oppdraga med kompensasjonsordningar og situasjonen med heimekontor på ein svært god måte. Og trass i flytting av interne ressursar har vi utført prioriterte forvaltnings- og tilsynsoppgåver på fagområda pengespel og stiftelsar gjennom heile pandemiperioden. Eg vil rette ein stor takk til alle tilsette som har stått på og vore særdeles omstillingsvillige i ein periode som har utfordra oss på mange vis.



God lesnad!

Atle Hamar

Dette er Lotteri- og stiftelsestilsynet

Lotteri- og stiftelsestilsynet skal vere eit av samfunnets viktigaste verkemiddel for å sikre ansvarlege pengespel, sterk frivilligheit og trygge stiftelsar i Noreg.

Lotteri- og stiftelsestilsynet er underlagt Kultur- og likestillingsdepartementet og har sidan oppstarten i 2001 halde til i Førde i Sunnfjord. Tilsynet består av dei tre fagområda pengespel, frivilligheit og stiftelsar, som har felles administrasjon og direktør.

Lotteritilsynet fører tilsyn og kontroll med dei statlege pengespela for å sikre at dei held seg innanfor rammene som gjeld for ansvarlege pengespel. Vi jobbar også for å sikre at aktørar som driv ulovleg, ikkje skal få fotfeste. Vi arbeider med å hindre kampfiksing og manipulering av idrettskonkurransar, og vi følger opp kvitvaskingslova på lotteri- og pengespelfeltet. Lotteritilsynet sørger for at spelemidlar frå dei regulerte aktørane kjem det norske samfunnet og frivilligheita til gode. Vi er dessutan tilsynsorgan for Grasrotandelen.

Lotteri- og stiftelsestilsynet forvaltar ordninga med momskompensasjon for både frivillige lag og organisasjonar og for bygging av idrettsanlegg. I 2021 har vi i samband med koronapandemien også hatt ansvaret for å forvalte fleire kompensasjons- og stimuleringsordningar til frivilligheita.

Stiftelsestilsynet skal sikre at norske stiftelsar driv lovleg og i tråd med formålet, men også bidra til at stiftelsar er ein attraktiv måte å utvikle samfunnet på. Vi rettleiar og fører tilsyn med norske stiftelsar. Dessutan jobbar vi med å dele kunnskap om rolla stiftelsar spelar i det norske samfunnet. I tillegg godkjenner vi endringar i private beslagsforbod, bandlagt pliktdelsarv, uråderettsklausular og samvirkeføretak.

Lotteri- og stiftelsestilsynet driftar tre nasjonale register. Alle norske stiftelsar er registrerte i Stiftelsesregisteret. I Lotteriregisteret ligg informasjon om lag og organisasjonar som har løyve til å skaffe seg lotteriinntekter. Anleggsregisteret har informasjon om anlegg for idrett og fysisk aktivitet, kulturarenaer, løypetiltak i fjellet m.m. I alle tre registra kan publikum søke fram informasjon.

2

Tilsynet sine oppgaver

Tildelingsbrevet for 2021 definerer Lotteri- og stiftelsestilsynet sine overordna mål slik:

1. sikre at pengespel og lotteri skjer i trygge former under offentlig kontroll
2. førebygge negative konsekvensar av pengespel- og lotteritilbodet i Noreg og vareta omsynet til dei med speleproblem
3. legge til rette for at overskot frå pengespel og lotteri går til helse- og rehabiliteringsformål, samfunnsnyttig og humanitært arbeid, idrett og kultur
4. sikre ei forsvarleg forvaltning av stiftelsar
5. sikre ei forsvarleg forvaltning av tilskotsordninga for frivilligheita og idretten

I tillegg har Lotteri- og stiftelsestilsynet hatt nokre særskilde oppdrag i 2021:

- bidra i Kulturdepartementet si lovgruppe i arbeidet med revisjon av pengespelregelverket
- ha hovudansvar for å utarbeide nye forskrifter i lovgruppa, i løpande samarbeid med departementet sine representantar
- halde fram med å handheve regelverket overfor ulovlege tilbydarar på den norske spelmarknaden, og gjennomføre tiltak for å stenge slike aktørar ute
- følge opp betalingsformidlingsforbodet og endringane i kringkastingslova, som gir Medietilsynet heimel til å pålegge distributørar å hindre eller vanskeleggjere marknadsføring av pengespel utan løyve i Noreg
- gjennomføre tematisyn med marknadsføringa av Norsk Tipping og Norsk Rikstoto
- halde fram med å følge opp Handlingsplan mot spilleproblemer 2019–2021, og særskilt vurdere behovet for tiltak på grunnlag av resultata frå befolkningsundersøkinga om speleproblem som blei presentert i 2020
- greie ut konsekvensar av eventuell innføring av registrert spel for digitale bingo-spel
- greie ut dei økonomiske, praktiske og administrative sidene ved innføring av krav om registrert spel på skip
- sørge for god informasjon til stiftelsar og sette i verk endringar dersom Stortinget vedtar ny stiftelseslov i 2021
- sørge for gode forvaltningsrutinar i tråd med regelverket for ordningane for meirverdiavgiftskompensasjon som gjeld for frivillige organisasjonar og bygging av idrettsanlegg
- følge opp arbeid med tilskotsordningar, grasrotandel m.m.
- følge opp dei mellombelse kompensasjonsordningane frå 2020 som tilsynet forvalta for frivilligheit og idrett, og som kom av at arrangement og aktivitet blei direkte påverka av pålegg eller råd frå styresmaktene i samband med koronapandemien
- forvalte nye støtteordningar for frivilligheit og idrett, som skal stimulere til aktivitet tilpassa smittevernsituasjonen
- delta i arbeidet med digitalisering av tilskotsordningar til frivillig sektor og vidareutvikling av Frivilligregisteret

Inntektskomponentar

Lotteri- og stiftelsestilsynet er sjølvfinansiert med gebyr og avgifter. I 2021 var inntektskomponentane slik:

- | | |
|---|---------------|
| • gebyr og oppdrag (inkl. handlingsplanmidlar): | kr 17 261 078 |
| • årsavgift frå stiftelsar: | kr 24 934 783 |
| • refusjon – Norsk Tipping og Norsk Rikstoto: | kr 44 644 000 |

Lotteri- og stiftelsestilsynet fører rekneskap etter kontantprinsippet.

Utvalde volumtal


Volumtal	2018	2019	2020	2021
Godkjende lotteriverdige organisasjonar	5 439	5 255	5 144	5 056
Organisasjonar med løyve til bingo	3 487	3 457	3 329	3 251
Registrerte stiftelsar	6 718	6 589	6 472	6 385
Næringsdrivande stiftelsar	827	819	812	802
Søknader om momskompensasjon på varer og tenester	1 730	1 921	2 019	1 909
Søknader om momskompensasjon til idrettsanlegg	490	538	535	563
Journalførte dokument i tilsynet samla	31 679	31 294	62 035*	70 367*
Sidevisingar på lottstift.no	773 334	734 346	1 331 436	1 093 233
Kontakt med Hjelpelinjen	902	800	797	859

Auken i tal journalførte dokument samla i tilsynet skuldast i hovudsak krisepakkar og stimuleringsordningar for frivilligheita.

Utvalde nøkkeltal frå årsrekneskapen


Tal årsverk	70
Samla utgiftsløyvingar inkl. tilskotsordningar	4 308 276 000
Rekneskapsførte driftsutgifter	102 584 053
Lønsdel av driftsutgifter (prosent)	64
Løn og sosiale utgifter per årsverk	914 094
Samla rekneskapsførte inntekter	92 923 930
Utnyttingsgrad post 01-29 (prosent)	96

Forvaltning og tilsyn i Lotteri- og stiftelsestilsynet bygger på fire lovområde som er knytte til tre departement.



2

Organisasjon og leiding



Ny organisasjon frå 2021

I 2020 gjennomførte Lotteri- og stiftelsestilsynet ein organisasjonsutviklingsprosess som enda med ein ny organisasjonsmodell. Den nye modellen skal vere tilpassa ambisjonane i strategien vår. Han skal dessutan vere formålstenleg for dei oppgåvene, krava og utfordringane vi til ei kvar tid står overfor. Den nye organisasjonsmodellen tredd i kraft 1. januar 2021.

Der vi før hadde ei samla administrasjonsavdeling og ei kommunikasjonsavdeling, har vi no fire stabseiningar.

Vi har også etablert i ei eiga avdeling for frivilligheitsstøtte. Som organisasjonskartet viser har vi tre avdelingar: Stiftelsestilsynet, og Lotteritilsynet med avdeling for pengespel og avdeling for frivilligheitsstøtte. I avdelingane er vi organiserte etter ein lagmodell, der sjølvstyrte lag utgjer baseininga i organisasjonen. I tillegg til lagorganiseringa på dei tre avdelingane, har vi innført faste, tverrgående kjerneprosesslag. Desse jobbar innan tilsyn, forvaltning og kunnskapsbygging på tvers i organisasjonen.

Leiargruppa

Leiargruppa har i 2021 vore todelt. I den strategiske leiargruppa sit direktør Atle Hamar, kommunikasjons- og strategidirektør Marie Havnen, avdelingsdirektør for frivillighetsstøtte Marianne Skjeldestad Hove, avdelingsdirektør for pengespel Henrik Nordal og avdelingsdirektør for Stiftelsestilsynet Siw Heggedal Longvastøl.

I den utvida leiargruppa sit i tillegg fagdirektør for økonomi og verksemdsstyring Stig Starheim, fagdirektør for IT og dokumenthandtering Falk Michael Tewes og fagdirektør for organisasjon og personale Siv-Karin Hestad.



Bak frå venstre: Siv-Karin Hestad, Stig Starheim, Falk Michael Tewes, Marianne Skjeldestad Hove og Siw Heggedal Longvastøl. Framme frå venstre: Marie Havnen, Atle Hamar og Henrik Nordal.
Foto: Dagrun Reiakvam

Slik jobbar vi for å sikre ei sterk frivilligheit

Frivillige lag og organisasjonar har også i 2021 vore sterkt prega av koronapandemien som råka landet i mars 2020. Forvaltning av tilskotsordningar til idrett og frivilligheit grunna covid-19-restriksjonar har derfor hatt første prioritet hos oss.

Vi har eit viktig samfunnsoppdrag med å legge til rette for effektiv og trygg forvaltning av pengestøtta til frivilligheita. Dette inneber forvaltning av momskompensasjon til frivillige lag og organisasjonar, momskompensasjon til idrettsanlegg og speleoverskotet til Norsk Tipping. Vi har også ansvar for tilsyn med Grasrotandelen.

Vi har hatt to år med store ekstraoppgåver knytte til koronapandemien som ramma samfunnet vårt i mars 2020. Sidan vi fekk ansvar for å forvalte økonomiske krise-pakkar til frivillig sektor, måtte vi på kort tid gjere store interne omprioriteringar for å kunne løyse oppgåvene, som endra seg i tråd med utviklinga av pandemien. Arbeidet vårt i 2020 var i stor grad prega av dette.

I 2021 var forvaltning av økonomiske tilskotsordningar til frivillig sektor ein del av oppdraget vårt i tildelingsbrevet. Dette gjorde at vi kunne vere litt meir førebudde på arbeidet som kom. Likevel var mykje usikkert med tanke på omfang og varigheit av pandemien.

Gjennom heile året prioriterte vi å sikre

- planlagd handtering av dei ordinære tilskots- og kompensasjonsordningane
- raskast mogleg utbetaling i tilskotsordningane knytte til covid-19-restriksjonar innanfor forsvarlege rammer av automatiske og manuelle kontrollar

Særskilte oppdrag for 2021

Covid-19-pandemien har rammet store deler av samfunnet vårt hardt, og kunst- og kulturlivet er særlig berørt. Aktørane innanfor kulturlivet var blant de første som måtte stenge ned og avbryte sin aktivitet, og er trolig også blant de siste som kan gjenoppta normal virksomhet. Mest sannsynlig vil det også i 2021 være betydelige begrensninger med hensyn til hvor store publikumsgrupper som kan samles, og hvilke arrangementer som kan gjennomføres.

Det har derfor vært viktig for regjeringen å fremme ulike tiltak for å bistå kultur-, medie-, idrett- og frivillighetssektorene i denne krevende situasjonen. Kulturdepartementet har hatt tett dialog med aktørane på området om kva som skal til fra statens side for å holde sektoren i gang i 2021. Framover skal kulturlivet gjenåpnes i en ny virkelighet formet av pandemien. Departementet ønsker dialog med sektoren om dette.

Kulturpolitikken vil i 2021 i hovedsak handle om å stimulere til kunst- og kulturlivet, idrett og frivillighet innenfor det gjeldende smitteverntiltak tillater. Kulturdepartementets og underliggende virksomheters hovedoppgave framover blir å bidra til at vi har et levende og mangfoldig kulturliv mens pandemien pågår, men også når pandemien er over.

(Frå Kulturdepartementets tildelingsbrev 2021)

Mål for Lotteri- og stiftelsestilsynet:

3. Legge til rette for at overskudd fra pengespill og lotterier tilfaller helse- og rehabiliteringsformål, samfunnsnyttig og humanitært arbeid, idrett og kultur
5. Sikre en forsvarlig forvaltning av tilskuddsordningene for frivilligheten og idretten

Styringsparametere:

- Effektive tilsyns- og kontrolltiltak basert på risikoanalyse
- Effektiv og rett saksbehandling i forvaltningssaker
- Være en tydelig og relevant samfunnsaktør

(Frå Kulturdepartementets tildelingsbrev 2021)



Nær 4,3 milliardar kroner utdelt til frivillige lag og organisasjonar i 2021

I 2021 fordelte vi nær 4,3 milliardar kroner til frivillige lag og organisasjonar, om vi inkluderer tilskotsordningane grunna covid-19-restriksjonar.

Av dette var 1,8 milliardar momskompensasjon på varer og tenester, over 900 millionar kom frå overskotet til Norsk Tipping, og nær 300 millionar var momskompensasjon til idrettsanlegg. I tillegg blei det i løpet av 2021 utbetalt over 1,3 milliardar kroner i dei ulike tilskotsordningane knytte til koronapandemien.

Omfattande arbeid med krisepakkeane også i 2021

Heilt sidan mars 2020 har utbrotet av covid-19 ført til at store delar av idretts- og frivillighetssektoren har fått betydelege økonomiske utfordringar. Dette kjem av at arrangement og andre inntektsbringande aktiviteter har blitt avlyste, stengde, utsette eller berre delvis gjennomførte.

I tråd med Stortinget sitt budsjettvedtak av 31. mars 2020 fekk Lotteri- og stiftelsestilsynet i oppdrag å administrere ein økonomisk krisepakke retta mot organisasjonar innanfor frivillighet, idrett og kultur. Krisepakken hadde som mål å kompensere for inntektsbortfallet sektoren blei påført på grunn av råd eller pålegg frå offentlege myndigheiter i samband med covid-19-utbrotet.

Heile 2021 blei òg eit pandemiens år med behov for ulike tilskotsordningar for idrett og frivillighet. Dei første krisepakkeane gjaldt frå starten av pandemien i Noreg og ut 2020. Siste søknadsfrist var 15. januar 2021. Siste ordinære tildeling blei gjennomført i midten av mars 2021. Det var då blitt utbetalt over 2,1 milliardar kroner til 9 284 unike organisasjonar sidan starten av pandemien.

Vi gjennomførte eit omfattande kontrollarbeid før utbetaling, og resultatet blei ein reduksjon i potensielt utbetalt beløp på 228 millionar kroner. Dette kom av at 643 søknader blei justerte, 552 søknader fekk avslag, og 82 søknader blei trekte. Av ein reduksjon på over 228 millionar kroner var over 100 millionar kroner knytte til den første søknadsperioden. Eit komplisert regelverk, forventningar som ikkje blei oppfylte, og korte tidsfristar var viktige årsaker til dette i krisepakke 1.

3

Vi fekk totalt 137 klager. Dei aller fleste gjaldt første søknadsperiode. Over 70 klager blei trekte som følge av eit betre regelverk med verknad tilbake i tid. Dei andre klagesakene blei avslutta av tilsynet i løpet av 2021. Totalt 18 saker blei sende til klageinstansen for endeleg avgjerd. I ei sak fekk søkar delvis medhald, og i 14 saker fekk søkar ikkje medhald. Dei siste tre sakene var under arbeid hos klageinstansen ved årsslutt.

Vidare har fleire søkarar tatt kontakt med spørsmål eller ønske om å betale tilbake heile eller delar av mottatt tilskot. Dette har ført til at rundt 100 vedtak på nær 15 millionar kroner er omgjorde. Desse sakene har vi behandla manuelt, og det har tatt mykje tid i både 2020 og 2021.

Før vi kan avslutte arbeidet med krisepakane for 2020 heilt, må vi bli ferdige med etterkontrollane. Vi oppretta i løpet av 2021 om lag 60 etterkontrollsaker basert på ei risiko- og vesentlegvurdering. Nokre få saker blei oppretta på bakgrunn av tips, men dei fleste som følge av utslag på våre analysar eller andre risikoar vi har identifisert. Ved årsslutt hadde vi gjort vedtak om tilbakebetaling i rundt halvparten av sakene. Nokre få saker blei avslutta utan funn, og dei resterande var framleis under arbeid ved årsslutt. Dette er kompliserte og tidkrevjande saker. Vi forventar derfor å måtte bruke tid på både klagesaker og innkrevjing, i samarbeid med Statens innkrevjingssentral, langt inn i 2022.

Utvalde nøkkeltal for krisepakane


Oppsummerande tal for krisepakkar i 2020

Tal søknader	Søknadsbeløp	Tal godkjende søknader	Tildelt beløp
15 654	3 317 397 862	15 020	2 158 804 357

Unike mottakarar fordelt på størrelse målt i søknadsbeløp for krisepakkar i 2020

Størrelse (målt i totalt søknadsbeløp)	Tal mottakarar	Tildelt beløp
1. Over 10 MNOK	22	385 493 180
2. Mellom 5 og 10 MNOK	36	161 917 797
3. Mellom 1 og 5 MNOK	506	635 499 093
4. Mellom 100 000 og 1 MNOK	4042	801 410 180
5. Under 100 000	4678	174 484 107

Tildelte beløp i krisepakane fordelt på fylke



3

Nye tilskotsordningar til frivilligheit og idrett grunna covid-19-restriksjonar

Ved inngangen til 2021 var frivillige lag og organisasjonar framleis råka av restriksjonar som følge av pandemien. Det blei derfor igjen etablert støtteordningar. Formålet med dei nye tilskotsordningane var å stimulere til aktivitet innanfor rammene av smittevernrestriksjonar frå myndighetene. I tillegg omfatta ordningane avlyste arrangement og aktivitatar.

Første del av dei nye tilskotsordningane var ein pott på 255 millionar kroner som raskt skulle utbetalast til organisasjonar som fekk momskompensasjon på varer og tenester i 2020. Lotteri- og stiftelsestilsynet utarbeidde eit nytt elektronisk søknadsskjema der sentralledd og enkeltstående søkarar enkelt kunne melde inn behov om støtte. Vi fordelte tilskotet slik at alle fekk prosentvis like mykje. 255 millionar kroner blei utbetalt til søkarane ei veke etter at søknadsfristen var ute. Sentralledda vidareformidla til sine underledd, og totalt fekk 20 633 organisasjonar tilskot. Vi fekk mange gode tilbakemeldingar frå sektoren om at dette blei gjennomført svært raskt og med lite byråkrati.

Som del av same ordning blei det etablert ei tilskotsordning for arrangement og aktivitatar. Denne blei forlenga ved fleire høve og gjaldt til slutt for heile 2021. Ved utgangen av 2021 hadde vi behandla 6469 søknader og betalt ut 860 millionar kroner. Ved søknadsfristen 18. januar 2022 hadde vi fått inn over 8700 søknader med eit søknadsbeløp på om lag 2 milliardar kroner og eit utrekna tilskot på 1,2 milliardar kroner. Saksbehandlinga for denne ordninga blir truleg ferdig i mars 2022.


Det blei i tillegg etablert ei eiga tilskotsordning for publikumsarrangement av nasjonal verdi i idrettssektoren. Ved årsslutt hadde vi behandla 157 søknader og utbetalt 196 millionar kroner. Ved søknadsfristen 18. januar 2022 hadde vi fått inn 242 søknader med eit søknadsbeløp på om lag 352 millionar kroner og eit utrekna tilskot på 231 millionar kroner. Også her blir saksbehandlinga truleg ferdig i mars 2022.

Utvalde nøkkeltal frå covid-19-tilskotsordningane

Utvalde nøkkeltal frå covid-19-tilskotsordningane for 2021

	Tilskot til arrangement og aktivitet	Tilskot til publikumsarrangement av nasjonal verdi
Tal søknader mottatt (per 18.01.2022)	8 715	242
Tal søknader ferdigbehandla (per 31.12.2021)	6 469	157
Søknadsbeløp	2 033 605 404	351 980 684
Utrekna tilskot frå søknad (etter 50/70 %) *	1 221 984 014	231 020 938
Tildelt beløp (per 31.12.2021)	860 228 681	196 406 007

* Søkar kan få kompensert 50 % av inntektsbortfall/meirkostnad for eit avlyst arrangement og 70 % for eit heilt eller delvis gjennomført arrangement.



3


Tal unike søkarar fordelt på størrelse på søkar målt i totalt søknadsbeløp

Størrelse (målt i totalt søknadsbeløp)	Tilskot til arrangement og aktivitet	Tilskot til publikumsarrangement av nasjonal verdi
Over 10 MNOK	9	8
Mellom 5 og 10 MNOK	27	6
Mellom 1 og 5 MNOK	392	31
Mellom 100 000 NOK og 1 MNOK	2 597	68
Under 100 000 NOK	3 316	38
Sum	6 341	151


Søknadsbeløp fordelt på størrelse på søkar målt i totalt søknadsbeløp

Størrelse (målt i totalt søknadsbeløp)	Tilskot til arrangement og aktivitet	Tilskot til publikumsarrangement av nasjonal verdi
Over 10 MNOK	138 137 576	199 008 480
Mellom 5 og 10 MNOK	184 246 752	42 355 579
Mellom 1 og 5 MNOK	751 582 944	81 414 278
Mellom 100 000 NOK og 1 MNOK	811 903 281	27 320 609
Under 100 000 NOK	147 734 851	1 881 738
Sum	2 033 605 404	351 980 684

Tal søkarar for tilskot til arrangement og aktivitet fordelt på fylke



Tal søkarar for tilskot til publikumsarrangement av nasjonal verdi fordelt på fylke



3

Slik balanserer vi krav om rask utbetaling og forsvarleg kontroll

Då Stortinget innførte krisepakkar og andre tilskotsordningar til frivilligheita grunna covid-19-restriksjonar, var det med klare føringar om at pengane skulle betalast ut raskt. Det var tydeleg kommunisert at ordningane dermed måtte bygge på tillit. Gjennom pandemien har vi jobba målretta med å finne ein balanse mellom rask utbetaling og forsvarleg kontroll. Utvikling av nye digitale verktøy og erfaringsdata frå våre ordinære ordningar har gitt oss eit svært godt grunnlag for å auke graden av automatisering. Alle søknader går gjennom ein automatisk kontroll, der vi bruker egne erfaringstal og andre registerdata. Om lag 80 prosent av søknadsbeløpet og søknadstalet kom frå organisasjonar som vi har kvalitetssikra erfaringsdata frå. Etter ei risiko- og vesentlegvurdering enda vi på ein automatiseringsgrad på nærare 75 prosent viss vi reknar tal søknader. Reknar vi i staden søknadsbeløp, er automatiseringsgraden på under 50 prosent.

I gjennomsnitt tok det for krisepakkanne i 2020 cirka 20 dagar frå ein organisasjon sende inn ein søknad, til pengane var komne på inn konto. Vi reknar med noko tilsvarande for tilskotsordningane i 2021. Dette arbeidet er ikkje avslutta.

Riksrevisjonen la i mai 2021 fram si undersøking av søknadsbaserte tilskot i møte med covid-19-utbrotet i 2020. Lotteri- og stiftelsestilsynet var eit av fleire forvaltningsorgan dei undersøkte. Riksrevisjonen konkluderte med at dei undersøkte kompensasjonsordningane i hovudsak var sette i gang raskt, at dei treffe målgruppene i samsvar med formålet, og at det var etablert kontrollmekanismar for å avdekke svindel og misbruk.

Nyttig samarbeid med Økokrim

Det vil alltid vere risiko for misbruk av tillitsbaserte støtteordningar, og risikoen for at misbruket ikkje blir avdekt, aukar med omfang, tempo og automatiseringsgrad. Derfor har vi sett i verk fleire tiltak for å førebygge og avdekke misbruk av ordningane. Eit av dei er jamleg dialog med Økokrim. I 2021 hadde vi fire samarbeidsmøte. Dette har vist seg å vere eit svært nyttig samarbeid som har gitt konkrete resultat. I november 2021 dømde Oslo tingrett ein mann til fengsel i tre år og ni månader etter at Lotteri- og stiftelsestilsynet hadde meldt fleire forsøk på bedrageri til Økokrim. Retten la særleg vekt på at den sikta hadde forsøkt å utnytte tillitsbaserte økonomiske støtteordningar som blei innførte i krisetid, og at allmennpreventive omsyn skulle gjere seg særleg gjeldande ved forsøk på å utnytte slike ordningar.

Dommen viser at vi samarbeider godt med andre etatar, og at forsøk på misbruk kan få alvorlege konsekvensar. Tilsynet håper og trur at samarbeid med andre etatar vil ha ein førebyggjande effekt, slik at ingen blir freista til å misbruke statlege støtteordningar. Erfaringa så langt er at det er få som har forsøkt å misbruke dei tillitsbaserte tilskotsordningane.

3

Full momskompensasjon i 2021

I alt 21 575 frivillige lag og organisasjonar fekk i 2021 utbetalt momskompensasjon på til saman 1,816 milliardar kroner. Mottakarane fekk full momskompensasjon, det vil seie at dei fekk tildelt heile den godkjende søknadssummen.

I 2021 var søknadssummen for momskompensasjon på varer og tenester i overkant av 1,85 milliardar kroner. Av dei 1 909 søknadene vi fekk inn, blei 1 766 godkjende.

21 575 organisasjonar fekk utbetalt over 1,8 milliardar kroner. Det var 800 færre organisasjonar som fekk utbetalt momskompensasjon i 2021 enn året før.

Covid-19-pandemien førte til færre søknader og deltakande organisasjonar i 2021

For første gong opplevde vi ikkje ein auke i tal søknader eller i søknadssum. Covid-19-pandemien gjorde at søknadssummen fall med 14 prosent frå 2020 til 2021: frå 2,14 milliardar til 1,85 milliardar kroner. Dette er ein stor nedgang frå tidlegare år og viser tydeleg at pandemien har påverka frivillig sektor i stor grad. Ramma for utdeling blei endra undervegs i statsbudsjettet, noko som førte til at alle organisasjonane fekk utbetalt heile den godkjende søknadssummen. Dette er første året organisasjonane har fått full momskompensasjon. Tidlegare år har dei fått utbetalt frå 35 til 83 prosent av godkjend søknadssum. Sjølv om søknadssummen var mindre i 2021, blei utbetalinga for mange av organisasjonane omtrent på same nivå som tidlegare. Vi ser at det er dei minste organisasjonane som har hatt den største reduksjonen i søknadssum. Dei store organisasjonane har i større grad halde seg på same nivå som tidlegare år.


Sjølv om tilskotsordninga skal nå mange organisasjonar, er det kvart år ein del organisasjonar som ikkje får søknaden sin godkjend. I 2021 var det 143 søknader (7 %) som ikkje blei godkjende. Dette er ein liten nedgang frå 2020. Dei fleste som ikkje får søknaden godkjend, er organisasjonar som søker for første gong, som har søkt etter søknadsfristen, og som har avbrote søknaden sin.

Tabellen og grafane under viser utviklinga dei siste åra.


Søknadsår	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Tal søkarar	1 448	1 558	1 730	1 921	2 019	1 909
Tal organisa- sjonar	22 653	23 486	24 055	21 778	22 397	21 575
Tildelt/ramme (NOK 1000)	1 290 951	1 319 002	1 422 459	1 607 600	1 684 000	1 837 420
Søknadssum (NOK 1000)	1 720 704	1 864 335	1 977 442	2 063 058	2 101 809	1 853 349
Godkjend søknadssum (NOK 1000)	1 691 005	1 811 591	1 908 111	1 962 746	2 078 867	1 815 961
Innvilgings- prosent	76,30 %	72,80 %	74,50 %	81,90 %	80,98 %	100
Tal avslag / avviste søknader	161	162	176	220	173	143

3

Fordelt beløp samanlikna med samla søknadssum



Tal mottakarorganisasjonar



3

Speleoverskot frå Norsk Tipping til 38 organisasjonar

I 2021 fordelte vi 914,2 millionar kroner av Norsk Tipping sitt speleoverskot til 38 organisasjonar. Desse pengane gjekk til:

- Norges Røde Kors – 288,8 millionar kroner
- Redningsselskapet – 178,2 millionar kroner
- Norsk Folkehjelp – 21,9 millionar kroner


Det resterande beløpet på 425,3 millionar blei fordelt mellom 35 landsdekkande samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar etter søknad.

Av Norsk Tipping sitt samla speleoverskot går 18 prosent til fordeling gjennom denne ordninga. Tilskotsordninga er retta mot landsdekkande samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar. Formålet er å bidra til å trygge viktige samfunnsoppgåver på områda helse, sosiale tenester, krisehjelp, støttearbeid pluss natur-, miljø- og dyreververn.

Ordninga skal i tillegg sikre at sentrale rednings- og beredskapsoppgåver kan vidareførast. Dei tre beredskapsorganisasjonane Norges Røde Kors, Redningsselskapet og Norsk Folkehjelp får derfor ein fast årleg prosentdel av midlane. Andre organisasjonar må søke.

Søknadsfristen for denne ordninga er 1. september, og den årlege utbetalinga skjer i fjerde kvartal.

Tildelt beløp fordelt på kategori



3

Rekordmange godkjende søknader til idrettsanlegg

I 2021 fekk Lotteri- og stiftelsestilsynet 563 søknader om kompensasjon for utgifter til meirverdiavgift ved bygging av idrettsanlegg.

Samla godkjent søknadsbeløp var på 292,7 millionar kroner, og det blei utbetalt full momskompensasjon også i 2021. Det betyr at alle som fekk godkjent søknaden, fekk utbetalt beløpet dei hadde søkt om.

Av 563 søknader med ein samla søknadssum på 313,4 millionar kroner blei 532 godkjende. Det er 30 fleire enn i fjor og det høgaste talet godkjende søknader sidan starten i 2010. Fem søknader fekk avslag, ni blei avviste, og 17 blei trekte.

Momskompensasjon til idrettsanlegg 2010–2021

Søknadsår	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Manglande revisorattest	9	19	19	19	11	14	7	19	6	5	10	11
Andre manglar ved søknaden	4	4	5	5	9	14	8	20	9	15	17	18
For lågt søknadsbeløp	2	2	16	3	10	10	4	4	0	0	0	0
Søknadsobjekt utan rett til kompensasjon	12	10	11	7	2	6	4	9	1	1	6	2


Det er god kvalitet på søknadene som kjem inn, og det er lite skjønn knytt til denne saksbehandlinga. Likevel er det ein del tekniske manglar ved søknadene som krev oppfølging frå saksbehandlarane.

Ny søknadsfrist for søknadsrunden 2022


Søknadsfristen for ordninga har tidlegare vore 1. mars kvart år. Frå og med 2021 blei fristen flytta fram til 1. desember og gjeld søknader for etterfølgande kalenderår.

Det er foreslått ei løyving på 299 millionar kroner til ordninga i 2022. Innan søknadsfristen 1. desember 2021 fekk vi 406 søknader med eit søknadsbeløp på cirka 347 millionar kroner. Endeleg godkjent søknadsbeløp blir klart etter at saksbehandlinga er ferdig. Dei siste ni åra har det blitt gitt ekstraløyvingar dersom ramma ikkje har vore stor nok til å dekke det godkjende søknadsbeløpet. Sidan starten i 2010 har det vore ein jamn auke i tal søknader, men framskundinga av søknadsfristen for 2022 har ført til ein reduksjon i tal søknader.

Søknadsbeløp for idrettsmoms



3



Fem organisasjonar mista retten til å ta del i Grasrotandelen

Lotteritilsynet sitt tilsyn med grasrotordninga førte til at fem grasrotmottakarar mista retten til å delta i ordninga i 2021.

Tilsyna som blei avslutta i 2021, førte til at fire organisasjonar blei utestengde på grunn av lite frivillig aktivitet. Éin organisasjon blei utestengd fordi aktiviteten ikkje var avgrensa geografisk til lokalt eller regionalt nivå. Grasrotandelen skal i størst mogleg grad komme lag og foreiningar med frivillig aktivitet til gode. Desse midlane skal ikkje gå til nærings- eller privatøkonomiske interesser eller typisk offentlege oppgåver.

Etter at Lotteritilsynet i 2013 fekk ansvaret for tilsyn, har 179 organisasjonar mista retten til å delta i ordninga. Til saman 2,2 millionar kroner er betalt tilbake i denne perioden.

737 millionar kroner til frivillige lag og organisasjonar

Stadig fleire av kundane til Norsk Tipping tar i bruk Grasrotandelen. Det er i dag registrert over 30 000 grasrotmottakarar, og over 1,3 millionar kundar hos Norsk Tipping er registrerte som grasrotgivarar.

Frivillige lag og foreiningar i Noreg fekk i 2021 fordelt 737 millionar kroner gjennom Grasrotandelen. Det er ein auke på om lag 20 millionar kroner samanlikna med året før. Tal givarar auka med om lag 30 000, frå 1 345 000 til 1 375 000 givarar. Sidan starten i 2009 er det blitt utbetalt nesten 6 milliardar kroner til grasrota gjennom denne ordninga.

Dette er Grasrotandelen


Ein spelar hos Norsk Tipping kan bestemme at 7 prosent av speleinnsatsen skal gå til eit lag eller ein organisasjon som er registrert i Frivilligregisteret og godkjend som grasrotmottakar av Brønnøysundregistra. Dette er Grasrotandelen som spelaren gir til «sitt» lag.

3

Var 2020 eit økonomisk godt år for frivillig sektor?

Som tidlegare nemnt viser momskompensasjonsordninga for frivillige organisasjonar at sektoren hadde ein nedgang i driftskostnader i koronaåret 2020. For å seie noko om den økonomiske utviklinga kan vi også sjå på den årlege rekneskapsrapporteringa for lotteriverdige organisasjonar. Vi ser for eksempel at 80 prosent av organisasjonane hadde eit positivt årsresultat i 2020. Det var ein vesentleg høgare del enn dei fire føregåande åra, der talet låg på kring 60 prosent. Dette tyder på at mange organisasjonar trass alt kom seg godt gjennom 2020 reint økonomisk.

Organisasjonar med positivt resultat



Slik har vi forenkla for frivilligheita i 2021

I 2021 har vi halde fram det viktige arbeidet med å gjere det enklare og mindre byråkratisk å vere frivillig i Noreg. Vi har lansert nye nettsider og vidareutvikla søknadsskjema og saksbehandlingssystem til å handtere dei nye tilskotsordningane.

Vi har vidareutvikla tilskotssystema våre, slik at vi kunne handtere dei nye tilskotsordningane for frivillig sektor raskt og effektivt. Dette har vi greidd ved å bruke om att funksjonar vi allereie hadde utvikla til andre tilskotsordningar.

Utviklingsprosjektet på tilskotsområdet dei siste åra

I 2019 starta vi eit utviklingsprosjekt på tilskotsområdet. Målet med prosjektet var å fornye både søknadstenestene våre overfor brukarar i frivillig sektor og dei interne tekniske løysingane og arbeidsprosessane.

Våren 2020 gjekk vi på lufta med eit enklare og meir brukarvenleg søknadsskjema for momskompensasjon på varer og tenester. Parallelt med dette jobba vi med utvikling av nytt saksbehandlingssystem. Då pandemien kom, måtte vi endre planane. Vi fekk på plass dei aller viktigaste løysingane i saksbehandlingssystemet. Deretter utsette vi resten av arbeidet for å handtere dei nye krisepakane.

Planen var å halde fram med utviklingsarbeidet på tilskotsområdet i 2021, etter at vi kom i mål med krisepakane. Våren 2021 lanserte vi eit nytt søknadsskjema og saksbehandlingssystem for tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar frå speleoverskotet til Norsk Tipping. I løpet av året fekk vi òg på plass eit elektronisk klageskjema, men også dette året måtte vi utsette planlagt utviklingsarbeid. Denne gongen var det for å løyse oppdraga med dei nye tilskotsordningane til frivilligheit og idrett grunna koronarestriksjonar.



Gjenbruk gjorde det mogleg å lansere koronaordningane raskt

Eit viktig mål frå starten av utviklingsprosjektet var å lage system som i størst mogleg grad var eigna til gjenbruk og vidareutvikling. Dette skulle vise seg å vere av avgjerande betydning. For det var gjenbruk av det nye tilskotssystemet som gjorde det mogleg å få på plass løysingane for koronaordningane på så kort tid. Vi la opp til høg grad av automatisert saksbehandling.

I det nye tilskotssystemet står det att arbeid med mellom anna system for klagebehandling, etterkontroll og rapportering. Målet er å fullføre mest mogleg av dette i 2022.

I 2021 betalte vi ut over 4,3 milliardar kroner i ulike tilskot til idrett og frivilligheit. Vi behandla over 10 000 søknader, og automatiseringsgraden på tvers av ordningane tilsynet har ansvar for, er i overkant av 60 % viss vi reknar tal søknader. I beløp utgjør dette 20 prosent.

Ny nettstad skal forenkle for frivilligheita

Nettstaden er hovuddøra inn til oss for alle brukarar. I 2021 har vi jobba mykje med å forenkle og løfte fram innhaldet for frivillige lag og organisasjonar på den nye nettstaden vår, som blei lansert i september. Målet har vore å gjere det lettare å navigere i dei ulike ordningane vi forvaltar for frivilligheita. Det handlar ikkje berre om ulike støtteordningar, men også om korleis denne målgruppa kan få inntekter frå lotteri og bingo. Brukartestar viser at vi har lykkast godt med å løfte fram frivillige lag og organisasjonar på nettstaden, og at brukarane lettare navigerer i dei ulike ordningane for frivilligheita.

Vi har også jobba mykje med å gjere regelverket rundt dei nye koronaordningane brukarvenleg og lett å forstå. Vi har erfart at god og forståeleg informasjon på nettstaden er avgjerande for at brukarane skal vite kva ordning dei skal søke på, og om dei oppfyller vilkåra for å søke.

3

Nye oppgaver i 2022

All erfaring seier oss at det tar tid før vi kan avslutte arbeidet med tilskotsordningane knytte til pandemien. I tillegg til at ordningane blir forlenga, vil behandling av klagesaker og etterkontroll naturleg nok skje i 2022. Analyse av økonomiske effektar av pandemien for frivillig sektor er òg prioritert arbeid framover.

I 2022 får vi fleire nye oppgåver:

- ansvar for kompensasjonsordninga til Kulturrådet
- ansvar for forvaltning av tilskot til frivilligsentralane
- ansvar for forvaltning av ei toårig ordning for mangfald og inkludering

Vi har no ein stor portefølje og vil i 2022 forvalte åtte ulike tilskotsordningar. Vi har utvikla ni ulike søknadsskjema med tilhøyrande fagsystem. I tillegg har vi hatt utviklingsarbeid i samband med mindre endringar og forlenging av dei ulike ordningane. I 2022 planlegg vi å utvikle tre ulike søknadsskjema og fagsystem. I tillegg kjem utviklingsarbeid og tilpassing av eksisterande system.

Veksten gjer at vi har fått auka behov for ressursar. I 2021 har vi løyst dette med interne omprioriteringar og fleire engasjementstillingar. I 2022 lyser vi ut tre faste stillingar og fleire engasjement.

Ved å utvikle nye søknadsskjema og fagsystem på same plattform kan vi enkelt bruke om att delar av utviklingsarbeidet som alt er gjort. Dette gjer oss i stand til å gjennomføre utviklingsarbeidet effektivt, og dermed få midlane raskt ut til frivillig sektor. Vi har dessutan erfart at å jobbe i eit lite, dedikert lag med ulik kompetanse er effektivt og gir god framdrift i slike prosjekt.

I 2019 sette Kulturdepartementet i gang fleire initiativ for å innfri mål i stortingsmeldinga *Frivilligheita – sterk, sjølvstendig og mangfaldig* frå 2018, mellom anna vidareutvikling av Frivilligregisteret og utvikling av ein nettportal med oversikt over alle statlege tilskotsordningar. Lotteritilsynet bidrog i dette arbeidet i 2021, men også dette har blitt påverka av koronasituasjonen, og framdrifta har ikkje vore som planlagt.

Det er viktig for oss å få på plass løysingar som rustar oss for framtidig forenkling og utvikling i samsvar med frivilligmeldinga. Vi har mål om å digitalisere for å forenkle for frivilligheita, og tilbakemeldingar frå brukarar tyder på at vi er på rett veg.

«Overraskende bra. Fin logikk med opplasting og fin flyt i skjemaet. Vi er veldig godt fornøyde. Andre skjemaer er som mareritt i forhold.»

Martin Borgnes, Norges Korforbund

3

Slik jobbar vi for å sikre ansvarlege pengespel


Med pandemien har digitaliseringa skote fart. Det ser vi også på pengespelfeltet, der spela har blitt enda meir tilgjengelege. Framover må vi følge ekstra nøye med på utviklinga for å beskytte dei som har problem med pengespel.

Pandemi, smittevern og heimekontor prega 2021 like mykje som 2020. Koronatiltak har påverka både tilbydarar og brukarar av pengespel. Det har ikkje vore like enkelt som før å gå til den lokale bingohallen eller til butikken eller kiosken for å fylle ut spelkupongen. Derfor har fleire brukt digitale pengespeltilbod framfor dei tradisjonelle fysiske. Denne trenden ser ut til å halde fram i 2021 og tyder kanskje på ei permanent digitalisering av marknaden og brukarane.

Digitalisering av tilbod og tenester blir ofte løfta fram som eit mål som inneber gevinstar for samfunnet, men det er fleire utfordringar knytte til ei slik utvikling. For pengespel, som er potensielt avhengigheitsskapande, fører digitaliseringa til at tilgjengelegheita aukar. Det gir auka forbruk og dermed auka risiko for å få spelproblem. Derfor vil det bli ekstra viktig å beskytte spelarane mot pengespelproblem i den digitale kvardagen.

Arbeidet med å forvalte regjeringa sine økonomiske krisetiltak for idrett, kultur og frivilligheit prega også prioriteringane til pengespelavdelinga i 2021. I året som gjekk, har vi prioritert bistand til Kulturdepartementet i samband med ny pengespellov, tilsyn etter kvitvaskingslova, forvaltningsoppgåver og tilsyn med ulovlege tilbydarar. Samtidig blei kontrollen med den lovlege marknaden redusert.

Eit av områda som har merka omprioriteringane i Lotteri- og stiftelsestilsynet som følge av kompensasjons- og stimuleringsordningane både i 2020 og 2021, er kampfiksingseininga som jobbar mot manipulering av sports- og idrettskonkurransar. Likevel har eininga løpande arbeidd med nye saker knytte til kampfiksing. I tillegg har vi prioritert produksjon av ny kunnskap på området. Eitt år etter planen gjennomførte vi ei undersøking blant fleire idrettar. Resultatet av undersøkinga viser at kjennskapen til regelverket om kampfiksing er relativt liten. Her må Lotteritilsynet, idretten og andre relevante aktørar sjå på korleis vi kan auke kunnskapen om regelverket.



3

Det ser ut til at vi lykkast med å auke kunnskapen i befolkninga om kven som har lov til å tilby pengespel i Noreg. Dette er eit tiltak i handlingsplanen mot speleproblem. Målingar gjennom 2021 viser at det no er litt fleire som veit kven som har lov til å tilby pengespel i Noreg. Samtidig er det litt færre som svarer at dei ikkje veit kven som har lov, mens litt fleire er usikre på kven som har lov. Denne endringa av oppfatning i befolkninga kan vere ein indikasjon på at tiltaka mot dei ulovlege aktørane, for eksempel betalingsformidlingsforbudet og reklameformidlingsforbudet, er i ferd med å få god effekt. I tillegg har vi i 2021 hatt ein informasjonskampanje på Snapchat retta mot brukargruppa med høgast risiko for å få speleproblem.

Mål for Lotteri- og stiftelsestilsynet:

1. Sikre at pengespill og lotterier skjer i trygge former under offentlig kontroll
2. Forebygge negative konsekvenser av pengespill- og lotteritilbudet i Norge og ivareta hensynet til dem med spilleproblemer.

Styringsparametre:

- Effektive tilsyns- og kontrolltiltak basert på risikoanalyse
- Effektiv og rett saksbehandling i forvaltningssaker
- Være en tydelig og relevant samfunnsaktør
- Bekjempe manipulering av idrettskonkurranser i Norge
- Følge opp hvitvaskingstilsyn og forebygge hvitvasking innenfor pengespill
- Følge opp Handlingsplan mot spilleproblemer 2019–2022

(Frå Kulturdepartementets tildelingsbrev 2021)

Rekordmange nordmenn spelar hos Norsk Tipping

Aldri har nordmenn deltatt meir i pengespela til Norsk Tipping enn i 2021. Førebelse tal viser at det er ny rekord i både aktive kundar og omsetning.

Det kan vere fleire årsaker til veksten. Ei av årsakene kan vere at folk gjennom koronapandemien har hatt meir ledig tid på grunn av restriksjonar i fritidstilbod. Dette er det enno ikkje forska på, men det vi veit sikkert, er at spelarane flyttar seg over på mobil. Rett under 75 prosent av omsetninga til Norsk Tipping kjem no frå speling på mobiltelefon. Det er ikkje overraskande med tanke på kor stor plass smarttelefonane no har i livet vårt. Samtidig må vi hugse at auka tilgang til pengespel kan utløyse større spelesug hos dei som er i risikogruppa for speleproblem.

Følger tett med på Norsk Tipping sine tiltak for å sikre sosialt ansvarlege pengespel

Kvart år får vi i oppdrag frå Kulturdepartementet å levere ein ansvarlegheitsrapport til generalforsamlinga til Norsk Tipping. I rapporten vurderer vi om Norsk Tipping oppfyller krava om å ha eit ansvarleg speltilbod. Vi vurderer og estimerer dessutan evna Norsk Tipping har til å kanalisere spelarar frå den ulovlege pengespel-marknaden på nett.

I første del av rapporten for 2021 var hovudproblemstillinga at fleire nordmenn spelar meir risikofyllt enn før. Lotteritilsynet forventar at Norsk Tipping held fram å jobbe intensivt og bevisst for å redusere omsetninga på dei mest risikofylte pengespela og for å flytte omsetning over til pengespel med mindre risiko. Det omfattar å vidareføre dei justerte tapsgrensene på Kongkasino. Desse har gått frå 10 000

3

kroner til 7500 kroner, og er ved utgangen av 2021 på 5000 kroner per måned. Lotteritilsynet er spent på effekten etter nedjusteringa av grensene. Vi følger derfor innsikts- og analysearbeidet til Norsk Tipping tett.

Norsk Tipping har oppfølgingsansvar og skal overvake og iverksette tiltak dersom dei oppdagar problemspel. Lotteritilsynet ser at selskapet i enda større grad enn før set i verk tiltak. Disse tiltaka er baserte på kartlegging i form av djuptgåande analysar av tilgjengelege åtferdsdata.

Lotteritilsynet har særleg vurdert kasinospela og Oddsen opp mot krav til ansvarleg spel, og vi har bede selskapet om å styrke tiltaka for å få ned speleaktiviteten og omsetninga hos risikospelarar. Vi har blant anna foreslått å redusere tilgjengelegeita og redusere talet på spel på Kongkasino. Vidare har vi bede Norsk Tipping om å vurdere å innføre delgrense på Oddsen. Vi har vore i dialog med selskapet i 2021, og arbeidet held fram i 2022.

I andre del av rapporten peikar vi på at kanalisering av spelarar frå den ulovlege marknaden blir tydelegare år for år. Talet på spelarar og omsetninga hos Norsk Tipping aukar der selskapet er i konkurranse med den ulovlege marknaden. Omsetninga hos dei ulovlege aktørane aukar derimot ikkje tilsvarande. Det er eit tydeleg signal på at Norsk Tipping har god kanaliseringsevne, og at tiltak for å beskytte den lovlege marknaden verkar.

Nordmenn vel kasinospela til Norsk Tipping sjølv om dei ikkje blir marknadsførte

Våren 2021 gjennomførte Lotteritilsynet revisjon av marknadsføringa til Norsk Tipping. Samfunnsoppdraget til Norsk Tipping krev at selskapet har balanserte mål for pengespelverksemda, og at dei ser marknadsaktivitetar i samanheng med desse måla.

Revisjonen viste at Norsk Tipping kanaliserer spelarar frå den ulovlege pengespelmarknaden, og at selskapet klarer å halde på kundane over tid. Dette gjeld blant anna spelarar som vel å spele kasinospel trass i at desse spela ikkje blir marknadsførte av Norsk Tipping. Det gir grunn til bekymring, og vi forventar at Norsk Tipping intensiverer arbeidet med å tilby spel med lågare risiko til desse spelarane.

Norsk Tipping har tatt i bruk ulike analysemetodar som forklarar effekten av marknadsføring. Selskapet viser at dei har verkemiddel til å styre marknadsaktiviteten sin, slik at omfanget ikkje er større enn det som er strengt nødvendig.

Det blei ikkje avdekt avvik eller kartlagt konkrete forbettringsområde under revisjonen. Likevel viser revisjonen kor viktig det er at Norsk Tipping rettar stor merksemd mot, og har god kontroll på, innhaldet i og omfanget av marknadsføringa si.



Betre rusta til å møte konkurransen frå ulovlege aktørar

I juni 2021 fornya Norsk Tipping tilbodet av spel på Oddsen. Det gjer dei betre rusta til å møte konkurransen frå den ulovlege marknaden, som er i direkte konkurranse med dei lovlege oddsspela. Den nye Oddsen tilbyr langt fleire spelobjekt enn før, både før og under idrettsarrangement. I tillegg har Norsk Tipping lansert Fantasy-spel i Oddsen-portalen.

3

Innføring av total tapsgrense hos Norsk Rikstoto

1. januar 2021 innførte Norsk Rikstoto ei total tapsgrense per måned på 20 000 kroner. Formålet er å avgrense skadeomfanget for spelarar, særleg dei som har utvikla uheldig speleåtferd. Før innføringa av grensa hadde selskapet spelarar som tapte store beløp, og som samtidig var registrerte med høg risikoprofil i Rikstoto sitt eige ansvarlegheitsverktøy.

Norsk Rikstoto var særleg uroa for korleis denne grensa ville påverke ei lita gruppe spelarar med høg omsetning og store tap. Korleis ville desse spelarane reagere når dei blei stoppa av den nye tapsgrensa? Både Norsk Rikstoto og hestesporten meinte at totalgrensa var sett for lågt for denne gruppa, og at storspelarar i staden ville velje å spele i den ulovlege marknaden i utlandet. I eit oppmodingsvedtak frå desember 2020 bad Stortinget regjeringa om å sjå om det var rom for å innføre ei særordning for enkelte spelarar. Ein føresetnad var at det kunne skje innanfor ansvarlege rammer.

Sommaren 2021 la Norsk Rikstoto fram eit nytt forslag til individuell tapsgrense for nokre få spelarar. Forslaget innebar at denne gruppa kunne søke om å få utvida tapsgrensa si, avgrensa oppover til 500 000 kroner i månaden. Lotteritilsynet anbefalte departementet å ikkje godkjenne ei slik særordning. Vi meinte at forslaget ikkje gav tilstrekkeleg beskyttelse for denne spelargruppa og deira familiar og pårørande. Vi anbefalte at Norsk Rikstoto burde opparbeide seg meir kunnskap om korleis totalgrensa og rammeverket rundt påverkar problemspelarar, før dei eventuelt søker om ei særordning for ei gruppe spelarar.

I 2021 har Norsk Rikstoto hatt ein positiv vekst i talet på kundar. Dei har dermed vist at dei har evne til å utvikle speltilbodet sitt og på den måten møte den auka konkurransen frå ulovlege pengespeltilbydarar etter innføringa av totalgrensa. Snittalderen på spelarane har dessutan gått ned i 2021, noko som er ei ønskt utvikling for selskapet. Gjennom dette har Norsk Rikstoto vist at dei klarer å bevare kanaliseringsevna si innanfor ansvarlege rammer.

Marknadsføringstilsyn: merknader om oppfølging av samarbeidspartnarar

I april 2021 gjennomførte vi eit tilsyn for å kontrollere korleis Norsk Rikstoto sikrar at marknadsføringsaktivitetane deira samsvarer med gjeldande regelverk og retningslinjer for marknadsføring.

Vi avdekte ingen avvik, men gav to merknader knytte til oppfølging av samarbeidspartnarar. Lotteritilsynet anbefalte ei tydeleggjering av kven som har ansvar for oppfølging av e-kommisjonærar og ekspertar, korleis kontrollane skal gjennomførast, og korleis eventuelle avvik skal følgast opp. Vi anbefalte vidare at Norsk Rikstoto bør få på plass system som sikrar at sentrale føringar som gjeld samarbeidspartnarar, blir formidla til desse utan ugrunna opphald.

Ansvarlegheit betre forankra, men to avvik

I oktober gjennomførte vi tilsyn med Norsk Rikstoto. Formålet var å kontrollere om tiltaka for ansvarlegheit var i tråd med konsesjonen. Vi kontrollerte spesielt kva tiltak spelselskapet hadde sett i verk for å redusere talet på risikospelarar.

Revisjonen viste at ansvarlegheit var betre forankra i både leiinga og organisasjonen enn tidlegare. Norsk Rikstoto dokumenterte at spelarar med risikoåtferd i 2019 hadde blitt påverka i rett retning i både 2020 og 2021. Det tyder på at meldingane som blir sende i overvåkingsverktøyet Mentor ser ut til å ha hatt ein positiv effekt på

3

risikospelarane. Det er likevel vanskeleg å analysere korleis tiltaka har hatt effekt. Derfor anbefalte Lotteritilsynet at Norsk Rikstoto burde kartlegge og gjennomføre tiltak for å redusere talet på risikospelarar på ein meir heilskapleg og systematisk måte. Tiltaka bør dessutan etablerast med bakgrunn i innsikt, analyse og kunnskap om speleåtfærd og spelemønster over tid.

Revisjonen avdekte to avvik. Det eine avviket var manglande kontaktinformasjon til Hjelpelinjen på nettstaden. Det andre handla om at Norsk Rikstoto sende marknadsføring til kundar som var registrerte med middels risikoåtfærd i Rikstoto sine system. Det er i strid med Norsk Rikstoto og Norsk Tipping sine eigne retningslinjer, som på dette punktet blei oppdaterte 1. januar 2021.

Auken i lotteri og bingo på nett held fram

Også i 2021 sette koronapandemien sitt preg på lotteri- og bingo-marknaden. Smittevernrestriksjonar førte til at bingohallar måtte stenge i kortare periodar, og at foreiningsbingo blei vanskeleg å arrangere. Som i 2020 ser vi at stadig fleire spelar bingo på nett.

Det har ikkje vore like mange driftsstopp ved bingohallane i 2021 som det var i 2020. Men restriksjonar på arrangement og sosiale samankomstar gjorde at det blei mindre høve til å arrangere foreiningsbingo.

I 2021, som i 2020, gav vi nokre dispensasjonar frå bingoforskrifta når bingohallar måtte stenge på grunn av koronarestriksjonar. Dispensasjonane var knytte til hovudspel av bingo på nett og databingo. Dei blei gitt for å sikre ei viss omsetning for bingohallane og eit visst overskot til frivillige lag og organisasjonar. Dispensasjonane gav spelarar høve til å knyte seg til bingohallane på nett, utan først å registrere seg fysisk i bingohallen. Når spelarane skulle registrere seg, måtte dei logge på med MinID. Saman med dispensasjonane blei det innført restriksjonar på marknadsføringa av spela. Det var mellom anna ikkje lov å sende direkte oppmoding til spelarar om å spele.



3

Også i 2021 gav Lotteritilsynet høve til å avvike frå kravet om «tradisjonelt, papir-basert lotteri» ved avvikling av smålotteri (omsetning under 200 000 kroner) for å legge til rette for mindre fysisk kontakt under pandemien. Vi opna for å melde inn loddkjøp via til dømes sosiale medium og til å betale ved bruk av Vipps.

Ulike typar tilsyn med bingo: hovudspel på nett

Lotteritilsynet gjennomførte ingen fysiske kontrollar i bingo hallar i 2021. Hovudårsaka var stengde hallar og koronasituasjonen. Lotteritilsynet måtte også redusere tilsynsarbeidet på grunn av ekstra arbeidsoppgåver med stimuleringsordningane for departementet. I 2019 hadde vi til samanlikning 14 kontrollar, og i 2020 hadde vi fem. I 2021 prioriterte vi tilsyn med hovudspel på Internett og bestemte oss for å utsette fysiske kontrollar til 2022.

Sjekka rundt 880 rekneskap

Bingoentreprenørane skal kvart kvartal sende inn bingorekneskap til Lotteritilsynet. I 2021 kontrollerte vi rundt 220 bingorekneskap kvart kvartal, som er det same som i 2020. Kvar rekneskap skal vere dokumentert med bankutskrift som viser faktisk utbetalt overskot til lag og foreiningar. Halvårleg bingorekneskap skal stadfestast av revisor. Rekneskapane blir også kontrollerte mot tal frå Norsk Tipping.

Omfang av bingospel

Langt fleire hovudspel på nett enn før pandemien

Etter endringar i bingoforskrifta blei det i 2019 høve til å spele hovudspel på nett. Hovudspel er det tradisjonelle bingospelet som ein tidlegare berre kunne spele på papir. Spelarane må registrere seg ved personleg oppmøte i hallen der dei ønsker å delta, før dei kan begynne å spele på nett.

Ved utgangen av 2021 var det fire leverandørar av hovudspel på nett, mot tre året før.

Måltal/år:	Per 31.12.2020:	Per 30.09.2021:
Brutto omsetning frå hovudspel på nett	150 317 975 kr	259 851 556 kr
Brutto omsetning frå hovudspel totalt	555 574 390 kr	683 707 143 kr
Andel hovudspel på nett av total omsetning	27,1 %	38 %
Tal bingo hallar med hovudspel på nett	131	184
Tal bingo hallar totalt	219	224

Då bingo hallane i mars 2020 blei pålagde å stenge fysisk på grunn av koronapandemien, såg vi ein stor auke i talet på bingo hallar som tilbydde hovudspel på nett. Denne auken heldt fram også i 2021. Frå utgangen av 2019 har det blitt 100 fleire bingo hallar som tilbyr hovudspel på nett. I 2019 utgjorde hovudspel på nett 3,7 prosent av den totale omsetninga, mot 38 prosent i 2021.

Det er førebels for tidleg å seie kva effekt det har at spelarar no kan delta i hovudbingospel på nett. Då hallane blei pålagde å stenge fysisk, såg vi ein rask auke i både omsetning og tal på spelarar. Stenginga heldt fram inn i 2021. Det vi ser, er at inntekter frå tredje kvartal av 2021 var om lag halvparten av inntektene for første halvår av 2021. Med andre ord har det ikkje vore nokon særleg auke. I 2022 og framover skal vi følge med på om spelarar har flytta permanent over på nett – også etter at hallane opnar igjen.

3

Lotteritilsynet fullførte i mars 2021 eit oppdrag der vi gjennom eit forprosjekt kartla dei økonomiske, praktiske, juridiske og administrative sidene ved ei eventuell innføring av registrert spel på bingo. Dette var eit arbeid som blei gjennomført i dialog med bingobransjen og andre relevante aktørar. Bakgrunnen for oppdraget var funn i befolkningsundersøkinga om penge- og dataspelproblem frå 2019, som viste at det er knytt høg risiko til digitale bingospel.

242 løyve til entreprenørbingo

Entreprenørbingoar blir drivne av ein profesjonell aktør, og godkjende organisasjonar skal ha delar av overskotet frå bingospela. Ved utgangen av 2021 var det 49 entreprenørar som dreiv bingohallar. Entreprenørane driftar alt frå éin til 27 bingohallar.

I 2021 gav Lotteritilsynet 242 løyve til å arrangere entreprenørbingo. To av bingohallane som fekk løyve i 2021, kunne ikkje starte opp som planlagt på grunn av lokale eller regionale smitteverntiltak.

Dei resterande 240 løyva var fordelte på 232 bingohallar for heile 2021. Det var ti fleire enn året før. Kor mange formålmottakarar som er knytte til kvar bingohall, varierer frå to til 52. Per tredje kvartal 2021 har dette gitt inntekter til 3086 organisasjonar.

Forventa nedgang i foreiningsbingo

I 2021 gav vi 126 løyve til foreiningsbingo fordelt på 144 lag og organisasjonar. Det er ein reduksjon frå 2020, då det var 139 løyve fordelt på 161 organisasjonar. Ein reduksjon i omfanget av foreiningsbingo var å forvente med tanke på covid-19-restriksjonane.

Til radio-/TV-bingo gav vi 75 løyve fordelt på 62 organisasjonar. Her var det ein auke frå 2020, då det var 72 løyve fordelt på 57 organisasjonar. Vi forventar at dei samla inntektene frå radio- og TV-bingo vil auke på grunn av stenging av bingohallar og nedgang i foreiningsbingo.

215 mista lotterigodkjenninga

For at ein organisasjon skal kunne ha større lotteri eller få utbetalt overskot frå bingo, poker eller spel på skip, må han vere godkjend som lotteriverdig organisasjon. I 2021 godkjende vi 126 organisasjonar. Som vanleg var dei fleste i kategoriane idrett og interesseorganisasjonar.

I løpet av året mista totalt 215 organisasjonar godkjenninga som lotteriverdig organisasjon. Dei fleste (155) av desse mista godkjenninga på grunn av manglande rekneskapsrapportering. Av dei som mista godkjenninga, var det totalt 50 organisasjonar som hadde aktive løyve til lotteri/bingo. Når dei mistar godkjenninga, blir lotteri- og bingoløyvet samtidig trekt tilbake. Dermed mistar organisasjonane forventa inntekter frå desse løyva.

Andre organisasjonar mista godkjenninga mellom anna fordi dei er sletta frå Einingsregisteret, fordi dei ikkje lenger tilfredsstiller krava til å vere lotteriverdige, eller fordi dei ikkje nyttar lotterimidlar i tråd med løyvet.

3

Redusert aktivitet på lotterimarknaden

Hovudsakleg er det frivillige lag og organisasjonar som driv med tradisjonelle lotteri. Også avvikling av lotteri blei påverka av pålagde smitterverntiltak grunna korona. Som forventa har det vore redusert aktivitet her.

Når det gjeld smålotteri, med omsetning opptil 200 000 kroner, har det vore ein liten oppgang frå 2020, trass i smitteverntiltak og restriksjonar knytte til covid-19. Sjå elles tabellen under.

Basar: sikre inntektskilder påverka av pandemien

Etter lotterilova er basar den enklaste forma for lotteri. Eit vilkår for basar er mellom anna at loddkjøparen er fysisk til stades på arrangementet, og at loddsal og trekning skjer under arrangementet. I periodar har det vore direkte forbod mot arrangement, og i tillegg har styresmaktene anbefalt å avgrense sosial kontakt. Lotteritilsynet har fått tilbakemelding frå lokale lag og organisasjonar om at dei har mista det som tidlegare har vore sikre inntektskilder. På grunn av covid-19 har dei gjennom store delar av 2021 og 2020 ikkje hatt høve til å arrangerer basar.

Lotteritilsynet får ikkje tal/rapportar frå basarar.

Nøkkeltal på lotteriområdet

Område/år	2017	2018	2019	2020	2021
Godkjende organisasjonar per 31.12	5378	5349	5255	5145	5056
Autoriserte entreprenørar per 31.12	110	105	99	98	98
Løyve til entreprenørbingo	248	264	246	233	242
Bingohallar med løyve i løpet av året	238	241	234	229	232
Løyve til foreinings- og radio-/TV-bingo	241	222	236	211	201
Aktive 9-årslotteri (opptil 300 mill. kr)	5	5	5	3	3
Aktive store lotteri (200 000–100 mill. kr)	126	129	124	91	86
Aktive smålotteri (under 200 000 kr)	2610	2702	2847	2181	2206

3

Fleire søker hjelp for speleproblem

Hjelpelinjestatistikken for 2021 viser at det har vore ein auke i spelarar som søker hjelp for problema sine. Auken kom etter to år med nedgang i talet på førespurnader til Hjelpelinjen. Det er også fleire spelarar som søker hjelp etter å ha spela hos utanlandske pengespelselskap som tilbyr spel ulovleg i Noreg.

Talet på samtalar om spelarar er tilbake på same nivå som før pandemien, så utviklinga er truleg eit uttrykk for at spelmarknaden er tilbake til «normalen». I 2020 såg både norske og andre nordiske styresmakter at bruken av dei nasjonale hjelpelinjene gjekk ned då samfunnet blei råka av koronapandemien.

Det samla talet på samtalar om spelarar var 767 i 2021, mot 716 i 2020. I 2019 var talet 757. Vi bruker førstegangssamtalar når vi gjer dei fleste analysane av hjelpelinjetala, slik at ikkje spelarar skal bli talde meir enn ein gong. Talet på førstegongsamtalar om pengespel auka med 6 prosent frå 2020 til 2021.

Dei farlegaste spela aukar mest

Det er samtalar om kasinospel, altså dei spela som er rekna for å vere farlegast, som flest spelarar tar kontakt om og ønsker hjelp til. Her var auken i førstegangssamtalar på 18 prosent frå 2020 til 2021. Dei fleste som tok kontakt, sa at ein ulovleg utanlandsk speloperatør var årsaka til at dei hadde fått problem. Av totalt 271 samtalar om kasinospel viste innringaren til ein ulovleg speloperatør i 57 prosent av samtalenene. I 31 prosent av samtalanene hadde spelaren hatt problem med spel både frå Norsk Tipping og hos ein ulovleg aktør.

Berre i 3 prosent av samtalanene var Norsk Tipping oppgitt som hovudproblemet. I løpet av 2021 reduserte Norsk Tipping delgrensene på kasinospel: først frå 10 000 kroner til 7 500 kroner i maksimalt tap per månad, og deretter til 5 000 kroner. Det har redusert den potensielle skaden ein avhengig spelar kan gjere på sin eigen eller familien sin økonomi som følge av å spele kasinospel hos Norsk Tipping.



3

Dei ulovlege tilbydarane skaper flest problemspelarar

Når Hjelpelinjen er blitt kontakta om kasinospel, odds og poker, har spelaren i 50 prosent av tilfella berre spela hos eit ulovleg utanlandsk selskap. Nokre opplyser at dei har fått problem etter spel hos både Norsk Tipping og eit ulovleg selskap. Reknar ein med desse, er ulovlege selskap oppgitt som problem i 82 prosent av tilfella.

Tilbodet når spelarane betre

2020 var det første året der ein kunne kontakte Hjelpelinjen via chat. Talet på chat-samtalar har auka noko. Ein enda meir gledeleg trend er at det ser ut til at Hjelpelinjen i større grad når spelarane sjølve, og ikkje pårørande eller andre som tar kontakt på vegner av spelarane. I chat-samtalane om pengespelproblem var det i 86 prosent av tilfella spelaren sjølv som tok kontakt. På telefon var det same talet 50 prosent. Totalt gjaldt 84 prosent av førespurnadene til Hjelpelinjen i 2021 menn, og 14 prosent gjaldt kvinner. Det er om lag som året før og tyder på stabilitet.

Nye verkemiddel i kampen mot dei ulovlege aktørane

Ny lovgiving om pengespelreklame har allereie hatt stor effekt. Færre TV-sjåarar blei eksponerte for ulovleg reklame i 2021 enn i åra før.

For å hindre og stanse eit overveldande volum av pengespelreklame på norske TV-kanalar som sender frå utlandet i strid med pengespellovgevinga, vedtok Stortinget i 2020 ein ny regel i kringkastingslova. Medietilsynet kan no pålegge norske distributørar, til dømes Telenor og Telia, å gripe inn og stoppe ulovleg pengespelreklame på TV og bestillingstenester som blir sende frå utlandet. Før Medietilsynet sender pålegg, skal dei innhente rådgivande uttale frå Lotteritilsynet på om reklamen er i strid med pengespellovgevinga.

Her samarbeider vi tett med Medietilsynet i konkrete saker. Tilsynet vårt har hatt stor effekt, sidan NENT Group slutta å sende ulovleg pengespelreklame frå 1. januar 2021, då regelen i kringkastingslova tredde i kraft. Discovery sender framleis ulovleg pengespelreklame og har tatt ut søksmål mot staten.

Lotteritilsynet gjennomførte mesteparten av tilsynet med TV-kanalane tidleg i 2021. Vi gjekk gjennom opptak gjort av Medietilsynet frå TV-kanalane TV3, TV6, Viasat 4, FEM, VOX og Eurosport Noreg. Slik avdekte vi omfattande og alvorlege brot på marknadsføringsforbodet i pengespellovgevinga på kanalane FEM, MAX, VOX og Eurosport Norge, som høyrer til Discovery.

Den ulovlege marknadsføringa var for Unibet, Betsson, NordicBet og Betsafe, som tilbyr pengespel i Noreg utan norsk løyve. Vi sende vår rådgivande uttale til Medietilsynet i februar, med ei tilråding om at dei burde sette i verk tiltak for å stoppe marknadsføringa. Medietilsynet sende 29. juni 2021 brev til distributørane Telenor, Telia, RiksTV, Allente (Canal Digital og Viasat) og Altibox med varsel om at dei ville vurdere å gjere vedtak med pålegg om å fjerne den ulovlege pengespelreklamen på TV.

Sjølv om utviklinga går i rett retning, er det framleis mykje ulovleg pengespelreklame på TV. Lotteritilsynet og Medietilsynet samarbeider om å stoppe denne reklamen og vil gi arbeidet høg prioritet også i 2022.

3

Følger marknadsføringa i sosiale medium tett – med gode resultat

Tilsynet med Facebook viser at vi og Facebook stort sett klarer å stoppe ulovleg marknadsføring retta mot Noreg på denne plattformen. Vi har sendt to rapporteringar til Facebook dette året. Facebook har fjerna innhald vi har rapportert, og som dei vurderer til å vere i strid med eigne retningslinjer.

Vi følger utviklinga av pengespelreklame på ulike digitale plattformer og sosiale medium. Vi har mellom anna sendt brev til dei som står bak tenesta Twitch, som deretter fjerna innhald med ulovleg marknadsføring av pengespel.

Vi har i løpet av 2021 sendt fleire informasjonsbrev om pengespelregelverket til kjende personar og influensarar som marknadsfører ulovlege pengespel på ulike plattformer. Det er mange som ikkje er klar over kven som har løyve til å tilby og marknadsføre pengespel i Noreg. Vi opplever derfor at det har god effekt å orientere om regelverket.

Vi har gjennomført tilsyn med fleire kasinoportalar. Dette er nettstader som marknadsfører og formidlar pengespel for speltildarar. Her har vi stoppa ulovleg marknadsføring på fleire titals nettstader. Vi har tatt i bruk tvangsmulkt som verkmiddel tidlegare i prosessen, noko som har bidratt til eit meir effektivt tilsyn. Fleire av portalane vi har gjennomført tilsyn med, har valt å blokkere nettstaden mot Noreg gjennom geoblokking.

Norske bankar stansar ulovleg pengespel – fleire innskot stoppa

Norske bankar og finansforetak har ikkje lov til å formidle innsats og utbetaling i pengespel som ikkje har løyve i Noreg. Dette betalingsformidlingsforbodet er eit effektivt verkmiddel for å stanse ulovlege pengespel.

Lotteritilsynet har god dialog med bankar og finansforetak. Vi får dagleg tips om ulovleg pengespelformidling frå norske bankar, og vi følger opp med vedtak med pålegg til rundt 150 bankar og finansforetak. I 2021 hadde vi 15 saker om vedtak. Bankane følger opp vedtaka våre og har vist både evne og vilje til å prioritere dette arbeidet.

Nytt i 2021 er at vi har gjort fleire vedtak som rammar innskot direkte. Det medfører i større grad at spelarar i Noreg ikkje får spela i det heile. Tidlegare har vedtaka stort sett ramma utbetaling av gevinstar. Endringar i regelverket frå 2020 har gjort dette mogleg.



Bankane tar hyppig kontakt med kundar som spelar, for å informere om forbodet og om at det er derfor dei stansar innskot til og gevinstar frå ulovlege nettspel. Mange av spelarane som kontaktar oss og bankane, har speleproblem og ofte stor spelegjeld fordi dei spelar for pengar dei ikkje har råd til å tape. Mange er ikkje klar over at dei spelar pengespel som ikkje har løyve i Noreg. Ifølge bankane sluttar mange av kundane å spele, eller vel lovlege tilbydarar, når dei blir klar over at det berre er Norsk Tipping og Norsk Rikstoto som har lov å tilby kasinospel og sportsspel på nett.

3

Betalingsformidlingsforbudet har med andre ord stor effekt når det gjeld å stanse ulovlege pengespel. Noreg blir også mindre attraktivt for utanlandske betalingsformidlarar av pengespel, og tiltaket verkar førebyggjande på speleproblem. Ein annan effekt er at fleire utanlandske pengespelaktørar i 2021 har slutta med betalingsformidling av pengespel i Noreg, eller late vere å starte opp her, mykje på grunn av at betalingsformidlingsforbudet rammar dei.

Vi har hatt noko oppfølging av vedtak til bankar og andre finansføretak. Mellom anna har vi etterlyst stadfestingar og vidare oppfølging. Vi har ikkje hatt nærare tilsyn med enkeltbankar i 2021. Det kjem av at vi har prioritert fleire vedtak, sidan vi trur det har mest effekt på alle bankar.

Varsla vedtak om stans til BML Group

Lotteritilsynet har oppretta tilsynssak mot pengespelføretaket BML Group, som er eit dotterselskap av Betsson AB. I 2021 sende vi varsel om vedtak med pålegg om stans av nettspela deira i Noreg på nettstadene Betsson, Betsafe, NorgesAutomaten og CasinoEuro.

Fleire styresmakter i Europa og elles i verda krev no at dersom pengespelføretaka vil søke om løyve til å tilby og formidle spel i deira land, må dei respektere regelverket i til dømes Noreg. Det finst døme på at andre land har gitt bot til pengespelføretak som trass i slike krav har gjennomført betalingsformidling for nettspel i Noreg.

Tendensen vi ser i dialog med spelmyndigheiter i andre land, er at slike reaksjonar er meir og meir aktuelle. Lotteritilsynet deltar mellom anna i ei ny gruppe i GREF (Gaming Regulators European Forum) som blei oppretta i 2021, saman med mange andre land i Europa. Målet er å ha tett dialog om aktiviteten til internasjonale spelselskap som har løyve i nokre land, men som også tilbyr spel i land der dei ikkje har løyve, og dermed driv ulovleg.

Rettskraftig dom og pågåande rettssak mellom Trannel og staten

I 2021 vann staten ei rettssak mot Trannel, som er eigd av Kindred. I saka hevda Trannel at Lotteritilsynet sine tiltak med testspel og brev til Facebook, Apple, YouTube og Nuapay var i strid med Grunnlova og folkeretten. 26. mars gjekk staten sigrande ut av Borgarting lagmannsrett.

Ein del av saka gjaldt påstanden om strid med norsk rett. Denne blei rettskraftig avgjort i juni, då Høgsterett ved avgjerd i ankeutvalet valde å ikkje ta saka inn til behandling.

Den delen av søksmålet som då stod att, om EØS-retten, skulle behandlast særskilt i ein ny runde i Oslo tingrett. I oktober gav Trannel beskjed til Oslo tingrett om at Trannel International ikkje ville gå vidare med søksmålet om EØS-delen.

Heile saka er derfor rettskraftig avgjort. Lotteritilsynet har bidratt i saka saman med Kulturdepartementet og Regjeringsadvokaten, og vi har gitt partsforklaring for staten i tingrett og lagmannsrett.

Trannel har også eit pågåande søksmål mot staten. Dette søksmålet handlar om tilsynssaka der Lotteritilsynet påla Trannel International Limited å stanse pengespeltilbodet retta mot Noreg på nettstadene Unibet, Maria Casino, Storspiller og Bingo, med vedtak frå 2019. Saka er sett opp for Oslo tingrett i mai 2022.

Oppsummert saksgang her er at Trannel ikkje fekk medhald hos klageinstansane Kulturdepartementet og Lotterinemnda i 2020. Så saksøkte dei staten, men

3

søksmålet blei stansa av Oslo tingrett ved rettsavgjerd. Dette for å sjå an resultatet i den Trannel-saka som gjaldt testspel og brev til Facebook, Apple, YouTube og Nuapay – og Norsk Lotteri-saka, som vi kjem tilbake til nedanfor. Begge er no vunne av staten og er rettskraftige.

Rettsavgjerda om stans av saka blei anka heilt til Høgsterett og deretter send ned igjen til lagmannsrett og tingrett, på grunn av ein saksbehandlingsfeil i rettsavgjerda frå tingretten. Saka skal realitetsbehandlast av Oslo tingrett i 2022. Trannel påstår at vedtaket til Lotteritilsynet er ugyldig, då dei meiner det ikkje er i tråd med norsk rett og EU/EØS-rett. Lotteritilsynet har ikkje gitt Trannel utsett iverksetting av vedtaket om stans. Trannel har ikkje etterlevd vedtaket.

Norsk Lotteri tapte mot staten: einerettsmodellen ikkje i strid med EØS-retten

Norsk Lotteri saksøkte staten fordi dei ikkje hadde fått løyve til å tilby pengespel i Noreg på grunn av einerettsmodellen. Regelverket inneber mellom anna at det berre er Norsk Tipping som har lov til å tilby kasinospel og oddspel på nett. Etter at staten vann saka i Oslo tingrett, blei saka anka.

1. juli 2021 kom dommen frå Borgarting lagmannsrett, igjen med siger til staten. Retten forkasta anken frå Norsk Lotteri og tilkjende staten sakskostnader. Retten stadfesta at einerettsmodellen i Noreg ikkje er i strid med EØS-avtalen.

Høgsterett nekta i avgjerd 19. november 2021 Norsk Lotteri å fremme anken sin. Dommen frå Borgarting lagmannsrett blir dermed ståande og er rettskraftig. Lotteritilsynet har arbeidd med saka saman med Kulturdepartementet og Regjeringsadvokaten, og direktør Atle Hamar i Lotteri- og stiftelsestilsynet vitna for staten i lagmannsretten.

Pokerklubbeigar dømd til fengsel og inndraging av 2 millionar kroner

Høgsterett avgjorde 15. februar 2021 ankesaka om inndraging av utbytte ved ulovleg drift av pokerklubben Quads i Oslo.

Klubben var ein av fem store pokerklubbar i Oslo som Lotteritilsynet og politiet aksjonerte mot 1. mars 2018. Eigaren av pokerklubben blei også dømd til fengselsstraff. Høgsterett sette inndragingsbeløpet til 2 millionar kroner. Dette er 1 million kroner meir enn Borgarting lagmannsrett konkluderte med i sin dom.

I vurderinga legg Høgsterett mellom anna vekt på at saka ligg i kjerneområdet for inndragingsføresegna. Dei skriv: «Det dreier seg om ulovlig økonomisk virksomhet, med betydelig omsetning. Selv om også andre faktorer kan ha gjort seg gjeldende, må det legges til grunn at virksomheten hovedsakelig har vært motivert av et ønske om profitt.»

I dommen skriv Høgsterett også: «Videre må det være klart at det dreier seg om alvorlig kriminalitet. Driften av pokerklubben har bidratt til å motarbeide formålet med lotteriloven, som er å forebygge negative sosiale konsekvenser av lotterier, herunder virkningene av slike pengespill som vår sak gjelder, jf. lotteriloven § 1 a. Ved sin virksomhet har A utsatt en rekke personer for risiko for økonomisk tap og ødeleggende spillavhengighet. At det ble servert alkohol til gjestene, er i denne sammenhengen skjerpene. Selv om det må legges til grunn at klart påvirkede spillere ble nektet servering, er det nærliggende at alkoholen svekket spillernes vurderingsevne. Jeg legger også vekt på at mange spillere fikk låne penger til spill, og at om lag 100 spillere etter hvert fikk problemer med å gjøre opp for seg.»

(Kjelde: Norges Høyesterett, dom: HR-2021-301-A, lovdata.no)

3

Samarbeidsplattform med Økokrim i pyramidesaker

Vi har i 2021 etablert ei samarbeidsplattform mellom Økokrim og Lotteritilsynet. Det inneber jamlege møte med Økokrim og tett samarbeid om konkrete saker som gjeld selskap og enkeltpersonar. Vi har også nådd målet om felles informasjon om pyramidespel og investeringsbedrageri, som vi har brukt i mediasaker og overfor ulike aktørar. Pyramidetesten, sjølvtesten som fleire tusen årleg tar på lottstift.no, er blitt oppdatert og lansert på nytt.

Lotteritilsynet har saman med Finanstilsynet og Forbrukartilsynet gått ut i media med ei åtvaring mot Cash FX, eit føretak som mange i Noreg og andre land har investert pengar i. Selskapet har ikkje konsesjon i Noreg til å drive med investering. Vidare har vi gått ut med ei ny åtvaring mot Lyoness/myWorld/Lyconet og Cashback, som framleis driv pyramidespel i Noreg trass i at Lotteritilsynet i 2018 gjorde vedtak om stans av verksemd. Vi ber dei som har blitt lurt til delta i pyramidespel, om å melde selskap og personane bak selskapa til politiet.

Behovet for informasjon, åtvaring og reaksjonar mot selskap og enkeltpersonar har vore stort i 2021. Det same vil gjelde i 2022. Det er avgjerande at bransjen erfarer i praksis at det straffar seg å starte opp og drive ulovleg pyramidespel.

Endra spelevarar og kjennskap til kva som er ulovlege pengespel

Norske myndigheiter sin innsats for å avgrense og stanse ulovlege pengespel har hatt god effekt, og vi ser ein reduksjon i talet på nordmenn som spelar hos ulovlege pengespelselskap. Det er også fleire nordmenn som veit kva spelselskap som ikkje har lov til å tilby pengespel i Noreg. Det syner tal frå målingar Lotteritilsynet har innhenta frå Sentio i 2021.

Spørreundersøking om kampfiksing viser behov for meir kunnskap

Eitt av måla til Lotteritilsynet er å auke kunnskapen om manipulering av idrettskonkurransar i Noreg. Med god hjelp frå idretten gjennomførte vi ei spørreundersøking om kampfiksing som gav interessante funn.




Gjennom undersøkinga ville vi finne ut kor mange førespurnader utøvarar, trenarar og dommarar får om kampfiksing. I tillegg ville vi kartlegge kunnskapsnivået om temaet blant aktørane i idretten. Undersøkinga blei send til utøvarar, trenarar og dommarar i idrettane basketball, fotball, handball, ishockey og tennis. Totalt fekk 18 246 personar spørsmåla, og 1474 svarte.

På spørsmål om dei nokon gong hadde blitt kontakta av nokon som ønskte å påverke resultatet av eller hendingar i ein idrettskonkurranse i Noreg, var det 2,3 prosent som svarte at det hadde skjedd ein eller fleire gongar. På spørsmålet om dei kjende andre i eigen idrett som hadde blitt kontakta, svarte 6,3 prosent ja.

3

Vi må vere med på å sikre at dei har tilstrekkeleg kunnskap om korleis dei bør reagere når dei blir kontakta, eller når dei høyrer om andre som blir det. Veit dei at dei etter reglane i idretten har varslingsplikt? Berre eit fåtal av respondentane svarte at dei har varsla om hendingane dei har opplevd.


Snittskår: Trur du manipulering av idrettskonkurransar er lite eller mykje utbreidd i Noreg? Skala: 1–5



Svara er gitt på ein skala frå 1 til 5, der 1 betyr svært lite og 5 betyr svært mykje.

Vi stilte også spørsmål om kor utbreidd dei trur manipulering av idrettskonkurransar er. Svara viser at dei spurde meiner manipulering av idrettskonkurransar er lite utbreidd i Noreg. Snittet er noko mindre i svara for eigen idrett, enn generelt i Noreg. På spørsmål om det ville vore lett eller vanskeleg å manipulere ein idrettskonkurranse i Noreg, ligg snittet mellom «verken eller» og «vanskeleg».

Snittskår: Har du liten eller stor kjennskap til idretten sitt regelverk mot manipulering av idrettskonkurransar? Skala: 1–5



Her har respondentane svart på ein skala frå 1 til 5, der 1 er svært liten og 5 svært stor.

Når det kjem til kjennskap til regelverket, ligg snittet mellom «liten» og «verken eller». På spørsmål om dei gjennom idrettslaget, kretsen eller forbundet hadde fått innføring i regelverket mot manipulering av idrettskonkurransar, svarte 11,7 prosent ja.

Gjennom undersøkinga kom det også fram at det er ein samanheng mellom kor ofte respondentane deltar i pengespel, og kor ofte dei får førespurnader frå personar som ønsker å manipulere ein idrettskonkurranse. Berre 14 respondentar svarte at dei spelar pengespel dagleg, men av desse hadde 28,6 prosent blitt kontakta av nokon som ville påverke resultatet av eller ei hending i ein idrettskonkurranse. Det

3

er statistisk signifikant større sannsyn for at ein som spelar dagleg, har fått førespurnader om kampfiksing, når ein samanliknar dette med svara frå dei som spelar sjeldnare.

Undersøkinga gir oss viktig kunnskap. Resultata viser at aktørar i norsk idrett får førespurnader som må takast på alvor. Dei viser også at kjennskapen til regelverket er for liten, og at vi må bli flinkare til å tilby og gi innføring i regelverket. Vi må saman med idretten og andre relevante aktørar sjå på kva tiltak som bør settast i verk. Effekten av desse tiltaka ønsker vi å måle ved å gjenta undersøkinga med jamne mellomrom.

Internasjonale forpliktingar og nytt tipssystem

Arbeidet i oppfølgingskomiteen til Europarådets konvensjon om manipulering av idrettskonkurransar held fram. Pandemien har lært oss å arbeide godt digitalt i dei internasjonale foruma vi er med i. I 2021 har vi tatt ei enda meir aktiv rolle i det rådgivande organet til oppfølgingskomiteen. Vi er eitt av fem land i styret til Group of Copenhagen. Det gjer at vi får ei større rolle og meir ansvar, til dømes i arbeidet med å overvake store idrettsarrangement og å utarbeide gode felles rutinar og retningslinjer på tvers av landa.

I 2021 fekk vi inn 28 tips om kampfiksing. Vi har ikkje gitt sanksjonar, men nokre av tipsa er framleis under utgreiing.

Mot slutten av året begynte vi å utvikle eit nytt saksbehandlingssystem for betre å kunne handtere, vurdere og arbeide med informasjon og tips som vi får inn. Systemet skal vi etter planen ta i bruk i løpet av første halvår av 2022.

Slik rustar vi oss for framtida

Ny handlingsplan for 2022–2025: meir kunnskap om speleproblem

For første gong er Handlingsplan mot spilleproblemer utvida og gjeld no for fire år. Det gir myndigheitene høve til å jobbe meir langsiktig med å førebygge, skaffe kunnskap om og utvikle gode hjelpetilbod for dei med speleproblem.

Hovudmåla i den nye handlingsplanen, som skal gjelde frå 2022 til 2025, er dei same som tidlegare: Talet på problemspelarar skal vere så lågt som mogleg, og dei negative konsekvensane av problematisk spel skal vere så små som mogleg. Planen har også som mål at kunnskapen om speleproblem i samfunnet må aukast, og at vi skal ha gode hjelpetilbod til dei som treng det.

Den siste befolkningsundersøkinga frå 2019 viste at talet på problemspelarar i Noreg har auka dei siste åra. Ifølgje undersøkinga har 55 000 nordmenn speleproblem. Det meste av spel skjer på digitale plattformer, og koronapandemien har ført til auka digitalisering.

Reguleringa av pengespel skjer i Lotteritilsynet sitt daglege arbeid med spelmarknaden. I tillegg førebygger vi pengespelproblem gjennom informasjonsarbeid som er omfatta av handlingsplanen.

Forslaget til ny handlingsplan mot speleproblem er utarbeidd av ei arbeidsgruppe leia av Lotteri- og stiftelsestilsynet, med medlemmer frå Helsedirektoratet og Medietilsynet. Vi har i tillegg henta innspel og synspunkt frå eksterne aktørar i spel-

3

bransjen, forskarar, behandlarar, frivillige organisasjonar og andre som jobbar med speleproblem.

Idrettsutøvarar inn som ny målgruppe

Forsking har identifisert risikogrupper for speleproblem, og desse er det viktig å få kartlagt vidare. Nytt i kommande periode er at fotballspelarar og andre idrettsutøvarar blir peika på som ei målgruppe. Dei blir eksponerte for både sport og spel, og svært mange spelar pengespel. I tillegg er følgande målgrupper elles prioriterte: barn og unge, yngre vaksne menn, pårørande og familiar, idrettsutøvarar og minoritetar. I tillegg kjem utsette grupper, til dømes personar med låg inntekt, studentar og innsette.

Større behov for informasjon og kunnskap

Ettersom spelmarknaden er i stadig endring, er det behov for meir kunnskap om og forskning på spel og uheldig speleåtfærd. Kunnskapen må delast mellom alle som er involverte i spel. Det gjeld spelarar, speltilbydarar, behandlarar, forskarar, myndigheter og andre på spelfeltet.

Problem med pengespel og dataspel kan medføre helsemessige utfordringar. For nokre blir utfordringane så store at det er behov for helsehjelp. For at helsesektoren skal kunne tilby rett tiltak, hjelp og behandling, treng dei meir kunnskap. Den nye handlingsplanen inneheld fleire forslag til tiltak.

Det er også viktig å få fram forskning på spelfeltet. Her har Nasjonalt kompetansesenter for spillforskning (SPILLFORSK) dei siste åra opparbeidd seg ei nøkkelrolle. Handlingsplanen foreslår å styrke senteret i kommande periode for å sikre eit miljø for forskning på pengespel og pengespelproblem i Noreg.

I kommande handlingsplanperiode blir det også viktig å styrke hjelpetilbodet for speleavhengige. Helsedirektoratet har ansvar for dette tilbudet. Lotteritilsynet forvaltar tilskotsordninga der frivillige organisasjonar som jobbar med speleavhengige, kan søke om støtte. I tillegg har vi ansvar for å formidle informasjon om og finansiere Hjelpelinjen for speleavhengige. Driftsansvaret for Hjelpelinjen er lagt til Sykehuset Innlandet Sanderud.

Nokre av tiltaka som blir foreslått i Handlingsplan mot spilleproblemer 2022–2025:

- Kampanjen «Snakk om spill» skal vidareutviklast til å bli ei fast kunnskapsplattform om barn og dataspel. Den skal gi barn, unge og foreldre oppdatert informasjon om spel og konsekvensane av speleproblem.
- Det skal regelmessig samlast inn data frå pengespelmarknadene, innan dataspel og på behandlingsområdet. Slike data dannar grunnlag for forskning og analyse.
- Undersøkingar om speleåtfærda i befolkninga skal gjennomførast ved jamne mellomrom.
- Det skal lagast ei felles nordisk undersøking om speleåtfærda i befolkninga.
- Ein skal utarbeide årlege statusrapportar om spelfeltet i Noreg.
- Det skal forskast på blant anna speleåtfærd og åtfærdsregulerande verkemiddel.

3

Omfattande bidrag til nytt regelverk for pengespel

Arbeidet med revisjon av regelverket for pengespel har vore eit sentralt tema for Lotteritilsynet i 2021. Fleire tilsette har bidratt til arbeidet i den etablerte lovgruppa til Kulturdepartementet, og to tilsette har vore utlånte til arbeidet i inntil 50 prosent stilling kvar.

Den nye pengespellova slår dei tre eksisterande lovene saman til ei lov, noko som vil gi eit enklare, meir effektivt og meir oversiktleg regelverk. Regjeringa sende utkastet til ny pengespellov over til Stortinget 18. juni 2021. Datoen for behandling i Stortinget er førebels sett til 1. mars 2022. Dei vil samle ansvaret for pengespel-reguleringa under eitt departement, og dei vil vidareføre prinsippet om at inntekter frå pengespel skal gå til ikkje-fortenestebaserte formål.

I lovforslaget blir Lotteritilsynet si rolle styrkt. Det blir tydelegare at Lotteritilsynet skal drive med kontroll, tilsyn og reine forvaltningsoppgåver. Ei lov for alle pengespel vil gi ei effektiv og meir føreseieleg forvaltning av regelverket. I tillegg får Lotteritilsynet nye reaksjonsheimlar som vil styrke arbeidet med å sikre at pengespel skjer i lovlege former.

I Lotteritilsynet etablerte vi i februar 2021 eit midlertidig lov- og forskriftslag som starta arbeidet med forskriftsrevisjonen etter at Kulturdepartementet hadde gitt oss oppdraget med å lage utkast til forskrifter til den nye pengespellova. Utover hausten har vi hatt eit tett samarbeid med representantar frå departementet. Forskriftsgruppa har gjennomført fleire digitale møte i veka med nyttige diskusjonar og gjensidig kunnskapsutveksling. Forskriftsarbeidet held fram med bidrag frå Lotteritilsynet i 2022.



3

Slik jobbar vi for å sikre trygge stiftelsar

I 2021 har Stiftelsestilsynet prioritert å vidareutvikle førebyggjande tilsynsarbeid som eit viktig ledd i å sikre forsvarleg forvaltning av stiftelsar. Tematilsynet om formålsrealisering har vore sentralt i dette arbeidet. Vi har også jobba mykje med lov- og høyringsarbeid og dessutan satsa meir på strategisk samarbeid med andre aktørar og tilsynsorgan.

Skal vi sikre forsvarleg forvaltning og trygge stiftelsar, må vi ha ressursar til å ta i bruk dei sterkaste verkemidla i dei alvorlegaste sakene. Dette er i tråd med oppdraget vårt, strategien vår og samfunnet sine forventningar.

Dei fleste stiftelsane ønsker å følge lova. Når vi jobbar førebyggjande, kan vi nå dei stiftelsane som gjerne vil gjere ting rett, men som manglar den nødvendige kunnskapen eller kompetansen. Vi kan då førebygge og avgrense alvorlege konsekvensar, samtidig som vi hjelper brukarane våre til å ta kunnskapsbaserte val. Rettleiing og dialog kan vere effektive verkemiddel. Vi ser også at samarbeid med andre tilsynsorgan, enten om enkeltsaker eller på eit meir strategisk plan, kan vere nyttig for både stiftelsane og oss.

Som eit ledd i det førebyggjande arbeidet med å styrke brukarane våre starta vi tidleg i 2021 med å sende brev til nye styremedlemmer. Målet er å gi dei ei god innføring i kva ansvar styret i ein stiftelse har. I brevet viser vi dei til nettstaden vår, der dei finn informasjon og rettleiingsvideoar.

For å gi god rettleiing må vi vende blikket utover og finne ut kvar skoen trykker. I 2021 har vi gjennomført tematilsyn med formålsrealisering i norske stiftelsar. Gjennom systematiske likearta tilsyn med 36 stiftelsar har vi fått nyttig informasjon og auka kunnskap om korleis stiftelsane jobbar med formålsrealisering. Vi har også erfart at det er relativt enkelt å etablere dialog med heile styret gjennom videokonferansar. Slik kan vi auke kompetansen til heile styret og gi dei ei felles plattform, samtidig som vi sikrar god informasjonsflyt til oss.

Anbefalingar og funn frå tematilsynet gir oss ny kunnskap som vi kan dele med alle stiftelsar. Vi meiner at erfaringsdeling kan vere med på å redusere risikoen og forbetre arbeidet med formålsrealisering for fleire. Det er også stor interesse for slik kunnskap i stiftelsane. Som ein viktig del av tematilsynet har vi rettleia tilsynsobjekta og samtidig delt kunnskap med andre stiftelsar og samarbeidsaktørar. Dette har vi gjort ved å legge ut oppdatert informasjon på nettstaden vår og å delta på ulike seminar.

Sjølv om også 2021 har vore prega av koronapandemien, har vi hatt høve til å delta på fleire arenaer der vi har møtt stiftelsar og samarbeidsaktørar. Dette er viktig for å auke forståinga vår av utfordringane stiftelsane møter, samtidig som vi får delt kunnskapen vår med og om stiftelsar.

Stiftelsestilsynet skal vere ein tydeleg og relevant samfunnsaktør. Vi er nasjonalt tilsynsorgan for stiftelsar, og ein viktig del av samfunnsoppdraget vårt er å medverke til å forbetre og



3

utvikle regelverket. Den nye stiftelseslova lar framleis vente på seg, noko som er ei utfordring for både stiftelsane og andre aktørar. Sommaren 2021 blei fleire tema knytte til ei ny stiftelseslov sende på høyring. Denne høyringa vekte eit stort engasjement og skapte debatt om stiftelsane si stilling i samfunnet generelt. Vi la vesentlege ressursar i høyringssvaret vårt, sidan vi meiner det er naturleg og viktig å bidra med våre kunnskapar og erfaringar i dette lovarbeidet. Dette og anna høyringsarbeid krev ressursar og tid, men gir resultat når innspela våre fører til større kunnskap om stiftelsar hos lovgivar. Det kan gi eit regelverk som er betre tilpassa stiftelsar som organisasjonsform.

På søknadsfeltet har vi etter kvart fått god erfaring med bruken av dei prosessstyrte saksflytane som vi innførte i 2019. Bruken av saksflytar automatiserer i større grad enn tidlegare behandlinga av søknader. Noko av det viktigaste arbeidet for å sikre effektivitet og rett resultat gjer vi likevel når vi rettleiar stiftelsane om lovkrava til omdanning og om kva dokumentasjon dei må sende inn. Dette gjeld både før dei sender søknaden, og undervegs i saksbehandlingsprosessen. Vi har i samarbeid med Brønnøysundregistra forbetra nokre elektroniske søknadsskjema. Fleire andre skjema er under arbeid.

Mål for lotteri- og stiftelsestilsynet

4. Sikre en forsvarlig forvaltning av stiftelser

Styringsparametre:

- effektive tilsyns- og kontrolltiltak basert på risikoanalyse
- effektiv og rett saksbehandling i forvaltningssaker
- være en tydelig og relevant samfunnsaktør

(Frå Kulturdepartementets tildelingsbrev 2021)

Deltaking i internasjonalt og nordisk samarbeid

Kunnskapen vår er sentral i internasjonalt og nasjonalt samarbeid. I 2021 blei vi nytta som ekspert i arbeidet med ein publikasjon om regelverk for stiftelsar i Europa.

Arbeidet blei utført i regi av Donors and Foundations Networks in Europe (DAFNE) og European Foundation Centre (EFC). I samarbeid med Skatteetaten bidrog vi med informasjon om stiftelsesrettslege og skatterettslege reglar som gjeld for stiftelsar i Noreg. Nasjonalt samarbeid er også viktig for å styrke kunnskapen om kva heilskaplege rammer norske stiftelsar har. Det har vore stor interesse for rapporten, som er formidla gjennom fleire medlemsorganisasjonar for stiftelsar.

DAFNE og EFCs publikasjon har landprofilar og gir dermed eit godt grunnlag for å få oversikt over og samanlikne lovene og føringane i ulike land.

Også det nordiske samarbeidet er viktig for oss, og vi får tilbakemelding frå dei andre nordiske landa på at denne oppfatninga er gjensidig. På nasjonalt nivå er det få aktørar med kompetanse og kunnskap på det stiftelsesrettslege området. Derfor er det sentralt å utveksle erfaringar mellom organ som forvaltar regelverk for stiftelsar i dei nordiske landa. Det årlege nordiske møtet har på grunn av covid-19 ikkje blitt arrangert. Vi har likevel delt erfaringar og informasjon gjennom nettverket som er etablert, om både regelverk, konkrete problemstillingar og løysingar. Stiftelsestilsynet si utsending av brev til nye styremedlemmer i 2021 er blant anna inspirert av erfaringar frå Sverige.

3

Auka strategisk samarbeid med andre aktørar

Vi meiner det er viktig at samfunnet kan meir om organisasjonsforma – kva ein stiftelse er, og korleis stiftelsar på ulike måtar bidrar i det norske samfunnet.

Tidlegare har vi gjennomført undersøkingar som viser at både organisasjonsforma stiftelse og Stiftelsestilsynet er for lite synlege og dermed ukjende for mange i samfunnet. Vi jobbar derfor med å bli meir synlege og dele kunnskap på ulike måtar. Gjennom dialog med strategiske samarbeidspartnarar har vi utveksla kunnskap med andre viktige samfunnsaktørar. Slik kan vi saman forenkle for brukarane, effektivisere tilsynsoppgåvene og auke samfunnet sin samla kunnskap om stiftelsar.

Også på ansvarsområde som ikkje gjeld stiftelsar, er kunnskapsdeling og samarbeid med andre aktørar viktig for å løyse oppgåvene best mogleg. På området for søknader etter stiftelseslova § 55 er Kartverket ein aktør som søkarane ofte er i kontakt med, både før og etter vår saksbehandling. For saker som gjeld private beslagsforbod og bandlagt arv, har vi ofte kontakt med Statsforvaltaren.

Vi får mange førespurnader om å halde innlegg på seminar/webinar og delta i debattar og ulike møteforum. Invitasjonane kjem frå både medlemsorganisasjonar som Fundraising Norge, større revisjonsfirma og andre kommersielle aktørar. Vi får også invitasjonar frå stiftelsane. Vi prøver å stille opp så langt det lar seg gjere med dei ressursane vi har. Deltaking gir oss høve både til dialog med brukarar og andre samfunnsaktørar og til førebyggjande arbeid.



Frå Arendalsuka der vi bidrog på Stiftelsesforeningen sitt arrangement der forslaget til endringar i stiftelseslova blei diskutert. Frå venstre Iman Winkelmann, Siw Heggedal Longvastøl direktør i Stiftelsestilsynet, Liv Ramskjær og Kjartan Almønning.

Det siste året har vi samarbeidd med Sparebankforeningen, som har vore interessert i å sjå og formidle innhald og resultat frå tematilsynet om formålsrealisering. Sparebankforeningen ønsker også å samarbeide om effektive løysingar for datafangst og samanstilling av kunnskap. Målet er å synleggjere samfunnsbidraget til stiftelsane. Stiftelsesforeningen og Forum for stiftelser ved Handelshøgskolen BI har også vore sentrale samarbeidspartnarar når det gjeld kunnskapsdeling.

Også i 2021 deltok vi på Politihøgskolen si vidareutdanning i «tverretattlig bekjempelse av økonomisk kriminalitet». I tillegg til at vi får auka kompetansen vår, får vi delt kunnskap om våre tilsynsobjekt og vårt arbeid. Dette opnar for eit auka og styrkt gjensidig nettverk.

3

Nyttig samarbeid mellom tilsynsorgan

Stiftelsestilsynet har i 2021 auka det strategiske samarbeidet med andre tilsynsorgan. Utfordringar i stiftelsar går ofte på tvers av fleire regelverk.

Derfor er det eit stort behov for tett samarbeid mellom dei ulike tilsynsorgana. Samarbeidet krev tydeleg rolleavklaring og kunnskap om samfunnsoppdraget og myndigheita til dei ulike organa.

Dialog og kunnskapsutveksling med fleire aktørar for å kartlegge samanhengar mellom dei ulike regelverka har vore nyttig. Tidleg dialog med andre tilsynsorgan gir betre og meir effektive løysingar for både stiftelsane og oss. Dette er eit viktig verkemiddel i det førebyggjande tilsynsarbeidet vårt.

Stiftelsestilsynet har i 2021 hatt strategisk samarbeid med blant anna Utdanningsdirektoratet, Skatteetaten og Tilsynsrådet for advokatvirksomhet. Samarbeidet er prioritert ut frå ei risikovurdering av kva type område det er viktigast å jobbe vidare med for å avdekke alvorlege forhold. Vi har jobba med alt frå å dele generell informasjon til å samordne kontrollar og eventuelle reaksjonar. Samarbeidet er eit viktig ledd i å sikre forsvarleg forvaltning av stiftelsar.

Stiftelsestilsynet har i større grad prioritert tidleg kontakt og dialog, mellom anna med politiet og Arbeidstilsynet, også i konkrete saker. Når det har gått lang tid, er det krevjande både å få belyst faktiske forhold og å sikre ei eventuell tilbakeføring av midlar til stiftelsen. Derfor vurderer vi no alltid tidleg dialog med andre tilsynsorgan. På denne måten kan vi fange opp forhold før dei utviklar seg til større utfordringar hos stiftelsane. Styret kan då få kartlagt og avklart om andre tilsynsorgan har gode verkemiddel og myndigheit til å følge opp forholdet. Vi har i 2021 hatt fleire dialogmøte med andre tilsynsorgan og offentlege tilskotsgivarar som kan følge opp krav og vilkår for å sikre forsvarleg forvaltning av stiftelsar.

Vi har opplevd god effekt og auka kvalitet der tilsynsarbeidet har blitt samordna. Vi bruker ein del ressursar på å utveksle informasjon og kunnskap med andre kontroll- etater, men vi får også kompetanse og ressursar tilbake. Det er dermed samla sett eit effektivt verkemiddel som gir høg kvalitet. Det er også ei forventning i samfunnet og hos brukarane våre at myndigheitene samordnar tilsynsverksemda.

Revisor har ei sentral rolle

Alle norske stiftelsar skal levere årsrekneskap og ha revisor. Revisor er tett på stiftelsane og har ei sentral rolle og viktig kompetanse. I tillegg til å vere ein kontroll- aktør kan revisor vere ein viktig samarbeidsaktør for å trygge stiftelsane.

Revisor er ei kjelde til viktig informasjon om ulike forhold i stiftelsar. Mellom anna skal revisor sende inn nummererte revisorbrev til Stiftelsestilsynet dersom han eller ho oppdagar meldepliktige forhold. I 2021 fekk vi 142 slike brev (jf. tabellen på side 52). Denne informasjonen gir oss eit innblikk i utfordringane styra i stiftelsar har, og er ein viktig del av grunnlaget for det førebyggjande tilsynsarbeidet vårt. Nummererte revisorbrev kan gi oss grunnlag til å reagere i enkeltsaker. Vi tar gjerne tidleg kontakt med revisor for å få informasjon om korleis styret og revisor følger opp aktuelle forhold.

Revisor har også relevant kompetanse for stiftelsane. I tillegg til den årlege revisjonen av årsrekneskapen kan styret nytte revisors kunnskap og erfaring til internkontroll og andre lovkrav om for eksempel rekneskap og bokføring. Der revisor har gitt merknad, forventar Stiftelsestilsynet at styret i stiftelsen følger opp aktuelle tiltak.

3

Informasjonspakke til nye styremedlemmer

Det er viktig for oss å styrke brukarane gjennom å gjere informasjon og rettleiing lett tilgjengeleg. Slik kan vi bidra til at styra har nødvendig kompetanse til å forvalte stiftelsen forsvarleg og etter lova.

Vi har i fleire år jobba med eigne temasider på nettstaden vår med rettleiing om konkrete tema. I januar 2021 lanserte vi som ledd i det førebyggjande arbeidet vårt ei temaside med videoar, informasjon og rettleiing til nye styremedlemmer. Samtidig sende vi ut eit brev til 3500 personar som hadde fått styreverv året før, med informasjon om temasida. I løpet av 2021 sende vi ut ytterlegare 3200 brev. Dette genererte mange besøk, og i løpet av 2021 fekk temasida med informasjon til nye styremedlemmer knappe 4600 sidevisingar og nær 500 videovisingar. I tillegg hadde hovudsida om styrearbeid i stiftelsar 2500 sidevisingar.

Målet med informasjonspakken var å gi nye styremedlemmer kunnskap om korleis dei skal etterleve lovverket og utøve godt styrearbeid, og samtidig opplyse dei om pliktene dei har som styremedlemmer i ein stiftelse. Vi ser at fleire nye stiftelsar har utfordringar med å få på plass strukturane for styrearbeid og økonomiforvaltning, og det utgjer ein risiko for verdiane til stiftelsen. Det er viktig at styremedlemmer raskt får nødvendig kompetanse til å sikre denne grunnmuren.


Rettleiing og dialog med brukarane våre

I samband med oppretting, endring og avvikling av stiftelsar er det mange som tar kontakt med Stiftelsestilsynet.

Mange av dei som i 2021 sende inn søknader om endring av stiftelsar eller oppretting av nye stiftelsar, har vore i kontakt med oss via enten telefon, kontaktskjema, e-post eller brev. I saker som gjeld store eller prinsipielle endringar i stiftelsar, kan rettleiing gjennomførast i møte mellom saksbehandlarar i Stiftelsestilsynet og representantar for stiftelsane. Grunna koronasituasjonen har vi i 2021 og 2020 i all hovudsak halde videomøte.

I 2021 blei det oppretta 111 rettleiingssaker i saksbehandlingssystemet vårt. Dette gjeld saker der Stiftelsestilsynet har rettleia bestemte stiftelsar i eit slikt omfang at spørsmåla frå stiftelsen og svara våre har blitt journalførte som saksdokument. Vi svarte også på 362 spørsmål av meir generell art som kom inn via kontaktskjemaet på nettstaden. I tillegg kom det anslagsvis 2000–2500 telefonar til sentralbordet. Spørsmåla kom frå både stiftelsar og andre interessantar, og vi rettleia på alle våre ansvarsområde.

I det førebyggjande arbeidet vårt satsa vi også i 2021 på tidleg dialog med stiftelsane. Vi opplever det som nyttig å arrangere dialogmøte med heile styret. Då kan vi tilpasse rettleiinga for å styrke styrets kompetanse og dermed sikre forsvarleg forvaltning av stiftelsen. Dette kan tilføre styret kunnskap til å følge opp ansvaret sjølv. Vi har i 2021 hatt mange slike dialogmøte med gode resultat. Styreansvaret er eit kollektivt ansvar. Ved å ha dialogmøte med heile styret sikrar vi at rettleiinga blir tydeleg for alle styremedlemmene, og at dei får informasjon frå Stiftelsestilsynet samtidig. Dette er særleg viktig og har hatt særskilt god effekt i saker der det har vore usemje eller konflikt i styret. Styremedlemmene oppfattar vanlegvis slike dialogmøte som ryddige. At Stiftelsestilsynet gir tydeleg rettleiing om kva prosessar og vurderingar styret må sikre, har bidratt til å avklare problemstillingar.



3

Stort tematisyn med formålsrealisering

I 2021 har vi gjennomført tematisyn med formålsrealisering i norske stiftelser. Tilsynet viser at stiftelsene i hovudsak jobbar godt med formålsrealisering. Likevel ser vi at mange har behov for å formalisere arbeidet sitt i større grad.

Tilsynet med 36 stiftelser var risikobasert og sette søkelyset på tre hovudområde for styrearbeid:

- plan for formålsrealisering
- avtale for og kontroll med utdelingar
- synleggjering av utdelingar

Stiftelsene kan bli flinkare til å formalisere planverk

33 av stiftelsene i tematisynet mangla ein skriftleg plan for formålsrealisering.

Dei fleste av dei 36 stiftelsene i tematisynet hadde strategiar og prosessar for å gjennomføre formålet. Likevel viste tilsynet at arbeidet ikkje i tilstrekkeleg grad var formalisert. 22 av stiftelsene fekk anbefaling om å formalisere ein plan for formålsrealisering, mens elleve stiftelser fekk anbefaling om å vidareutvikle arbeidet eller revidere planane.

Dei fleste stiftelsene i tematisynet hadde også fått på plass kontrollstruktur i etterkant av utbetaling til formålet. Men det ser ut til at stiftelsene i mindre grad har søkelys på gode avtalar og vilkår i forkant av utdelingane. 24 av stiftelsene fekk anbefaling om å formalisere avtalane sine betre for å sikre utdeling i samsvar med formålet, mens ti av stiftelsene fekk anbefaling om å betre oppfølginga av utdelte midlar.

Nesten alle stiftelsene tar med utdelingane i årsrekneskapen. Berre ni stiftelser fekk anbefaling om å gjere utdelingane meir synlege. Dette var det punktet der stiftelsene hadde mest på plass. Vi har gitt våre anbefalingar om korleis enkelte stiftelser kan synleggjere utdelingane betre.


Tematisynet gav også enkelte anbefalingar som var utanfor dei tre hovudtemaa for tilsynet. Tre stiftelser blei anbefalte å formalisere ein skriftleg rutine for habilitet, og 13 stiftelser fekk rettleiing om dette temaet. Stiftelsestilsynet gav også sju stiftelser anbefaling om å vurdere om det var behov for å oppdatere vedtektene, og to stiftelser fekk rettleiing om temaet.

Tematisyn gir kunnskap til fleire

Stiftelsestilsynet si oppgåve er å trygge norske stiftelser, og tematisyn er eit viktig verkemiddel i det førebyggjande tilsynsarbeidet. Med rettleiing styrker vi styremedlemmene sin kunnskap om korleis styret bør arbeide for å sikre forsvarlege prosessar og vurderingar for formålsrealisering.



Alle dei 36 stiftelsene som tematisynet omfatta, representerer store verdiar. Dei har ein samla eigenkapital på rundt 1,4 milliardar kroner og ei samla utdeling på drygt 64 millionar kroner per 2019. Hovudinstrykket er at stiftelsene som deltok i tematisynet, er positive til anbefalingane våre. Styra gir tilbakemelding om at dei vil følge opp med formalisering av rutinar og rammeverk, og at dei ønsker å utvikle og profesjonalisere styrearbeidet vidare.



For å dele kunnskap på tvers i Lotteri- og stiftelsestilsynet arrangerer vi tilsynshalvtimer, der vi gir kvarandre innblikk i det vi jobbar med. Her fortel May Helen Vik og Karsten Karlsen Sunde på Stiftelsestilsynet om arbeidet med tematisyn om formålsrealisering - til kollegaer i rommet og via Teams.

Målet med tematisyn er også å dele kunnskap med fleire. Med standardiserte metodar vurderer vi fleire stiftelsar opp mot det same grunnlaget. Slik kan vi arbeide meir systematisk med informasjonen. Tematisyn gir både oss og stiftelsane nyttig informasjon om kva som er utfordrande ved formålsrealisering. Med eit breitt grunnlag kan vi danne oss eit samla bilete av korleis pengeutdelande stiftelsar jobbar med å realisere formål. Ved å formidle erfaringar og samanlikne arbeidsmåtar bidrar vi til at fleire stiftelsar kan nytte desse erfaringane i eige forbettringsarbeid.

Undervegs har det vore stor interesse for tematisynet. Vi har fått mange førespurnader frå både styre, samarbeidspartnarar og andre interessentar om å dele informasjon og gi rettleiing på seminar og i møte. Vi har prioritert deltaking i slike forum høgt. Det er viktig å formidle anbefalingar, tilby rettleiing og ha dialog med brukarane om kva styra i stiftelsane bør gjere for å sikre god formålsrealisering.

Vi har delt kunnskap om tematisynet på nettstaden vår ved å legge ut førebelse funn. Samlerapporten frå tematisynet blir publisert på nettstaden i februar 2022.

Meldingar og tilsynssaker i 2021

Når vi får inn informasjon om hendingar i stiftelsar, gjer vi ei risikovurdering. Alle meldingar vi får inn, blir vurderte. Vi går gjennom og analyserer hendingane, som saman med annan informasjon vi har, dannar grunnlaget for risikovurderingane våre.

I dette arbeidet vurderer vi kva saker vi kan løyse ved hjelp av rettleiing og dialog, og kva saker som krev kraftigare verkemiddel. Dette gjeld både når vi følger opp enkeltmeldingar og tips, og når vi ut frå samla områdekunnskap sjølv vel problemstillingar eller tema vi må føre tilsyn og kontroll med.

Oversikt over hendingar registrerte som saker og vår oppfølging av dei

	2019	2020	2021	Oppfølging
Nye saker inn der vi ser avvik eller risiko for avvik	200	207	212	Alle saker blir risikovurderte. Oppfølging av saka og val av verkemiddel følger av den dokumenterte risikovurderinga.
Frå revisorbrev	137	149	142	Alle revisorbrev blir risikovurderte. Dei fleste revisorbrev blir følgde opp med påpeiking av plikter og rettleiing. Viss tipsa gjeld forhold med høg risiko, gjennomfører vil tilsyn og kontroll.
Frå tips/meldingar	58	45	58	Alle tips blir risikovurderte. Oppfølging av saka og val av verkemiddel følger av den dokumenterte risikovurderinga.
Ekstern varslingsom forhold i stiftelse	4	2	4	Alle offentlege verksemdar er pålagde å ta imot varslings i samsvar med nasjonale retningslinjer. Desse følger vi opp på same måte som tipsa.
Media og annan overvaking mv.	0	8	4	Vi overvaker media og fangar opp saker som vi risikovurderer. Dei fleste følger vi opp med rettleiing. Viss vi ser høg risiko, gjennomfører vi tilsyn og kontroll.
Bakgrunn i søknadskontroll	1	3	2	Vi behandlar søknader om omdanning frå stiftelsane. Under dokumentasjonskontrollane kan vi oppdage risiko som vi må følge opp.
Melding om forhold i stiftelse frå anna kontrollorgan			2	Vi samarbeider strategisk med andre kontrollorgan, slik at vi kan få melding dersom dei oppdagar hendingar i stiftelsane.

Vår oppfølging av saker og andre avvik

Verkemiddel ut	2019	2020	2021	
Registerbaserte tilsyn – standardavvik henta frå offentlege register	44	17	137	Dersom vi fangar opp konkrete avvik, sender vi ut brev med påminning og påpeiking av plikter. Det gjeld både dersom det ikkje er registrert revisor eller styre, og dersom det ikkje er levert årsrekneskap. Desse breva sender vi samla til dei aktuelle stiftelsane som registerbaserte tilsyn.
Ikkje registrert revisor	22	6	20	Vi sender ut brev dersom stiftelsen ikkje har registrert revisor.
Ikkje registrert styre	1	1	1	Vi sender ut brev dersom stiftelsen ikkje har registrert styre.
Ikkje levert årsrekneskap	11	4	3	Vi sender ut brev dersom stiftelsen ikkje har levert årsrekneskap. Dersom stiftelsen ikkje har levert årsrekneskap for to år (gjentakande forhold), sender vi melding til politiet.
Manglar i revisjonsberetning	0	5	0	I saker der vi ser at revisor ikkje har uttalt seg om utdelingar, sender vi brev med påminning til revisor.
Spørsmål knytte til heimel til fast eigedom	6	0	0	I saker der vi ser at stiftelsane ikkje har eintydig heimel til fast eigedom, f.eks. manglar organisasjonsnummer i grunnboka, sender vi brev til stiftelsane og ber dei rette opplysningane i grunnboka.
Ikkje registrert elektronisk varslingsadresse	0	0	112	Vi sender ut brev til stiftelsar som ikkje har registrert elektronisk varslingsadresse. Dette er eit enkeltprosjekt som blei starta i 2021 og vil halde fram inntil avvika er lukka.
Andre avvik	4	1	1	
Tematilsyn	0	0	36	Tilsyn med fleire stiftelsar om utvalde tema/område basert på heilskapleg risikovurdering. Planlagt tematilsyn med formålsrealisering blei gjennomført i 2021. Førre tematilsyn var i 2018 og handla om kapitalforvaltning (20 stiftelsar).

	2019	2020	2021	Oppfølging
Dialog og rettleiing	148	176	185	Eit strategisk val har vore å gå i dialog med styra i stiftelsar så tidleg som mogleg. Vi rettleiar og får forsikringar frå styra om at dei jobbar forsvarleg. Dialog med styra i stiftelsane kan vere både munnleg i møte og skriftleg.
Tilsynssak (kontrollsak)	18	15	3	Tilsyn er det verkemiddelet vi nyttar i dei mest alvorlege sakene, og i saker der det er høg risiko for store manglar og konsekvensar for stiftelsen. I desse sakene hentar vi inn omfattande dokumentasjon og opplysningar frå stiftelsen og andre aktørar. Sakene endar alltid med tilsynsrapport eller eit meir omfattande brev til stiftelsen. Strategien vår er å redusere talet på store tilsyn og heller nytte andre proaktive verkemiddel. Talet på slike saker vil likevel variere med kva som skjer i stiftelsane. Dersom tilsyn er rett verkemiddel, skal vi nytte det.
Andre saker	6	3	1	

Vi prioriterte førebyggjande tilsynsarbeid i 2021

Vi får meldingar frå både private og offentlege aktørar, media, revisorar med fleire (sjå tabell under). Når vi registrerer desse meldingane, kartlegg og kategoriserer vi tema og risiko.

Mange av meldingane dreier seg om brot også på andre lovverk, til dømes rekneskapslova og skatteregelverket, og blir kategoriserte som «Kontroll med rekneskap og formuesforvaltning». Slike saker blir ofte følgde opp med rettleiing både frå oss og frå revisor eller andre kontrollorgan som har gode føresetnader for å følge opp konkret økonomiforvaltning og internkontroll i stiftelsen.

Den nest største kategorien er stiftelsane si formålsrealisering. Stiftelsestilsynet sitt førebyggjande tilsynsarbeid, blant anna med tematisyn om formålsrealisering, tar med andre ord utgangspunkt i risiko og brukarbehov vi ser. Formålsrealisering er og blir ei viktig prioritering for styra i stiftelsane.

Tema/risiko	2019	2020	2021
Kontroll med rekneskap og formuesforvaltning	69	70	95
Formålsrealisering	29	22	30
Styret si saksbehandling	20	15	24
Kapitalforvaltning	21	20	19
Tap av egenkapital			14
Habilitet	11	6	13
Utdelingar	7	15	11
Nærståande transaksjonar	3	9	9
Utleige	3	5	7
Sal av eigedom	4	2	5
Lån og anna yting	10	7	4
Oppfølging av dagleg leiing	2		4
Godtgjersle	2	2	2
Sjølvstendekriteriet	1	2	1
Separasjonsplikt	2	2	

3

Stiftelsestilsynet har vidareført strategien med å jobbe førebyggjande. Alt tilsynsarbeid vi utfører, skal vere risikobasert. Dette inneber at større kontrollar og kraftige reaksjonar skal nyttast i dei alvorlege sakene som kan medføre negative konsekvensar for stiftelsen. Andre forhold i stiftelsar kan løysast med bruk av enklare og mindre ressurskrevjande verkemiddel, til dømes rettleiing. Stiftelsestilsynet nyttar framleis flest førebyggjande verkemiddel. I 87 prosent av alle hendingane vi følgde opp i 2021, brukte vi førebyggjande verkemiddel. Dette er om lag på same nivå som året før. Basert på gode erfaringar har vi auka bruken av dialogmøte med styremedlemmer i ein tidleg fase. Dette gir oss mogelegheit til å styrke styret, som så kan ta ansvar for å sette i verk tiltak til det beste for stiftelsen.

Færre sanksjonar og meir oppfølging

Stiftelsestilsynet har ikkje fatta vedtak om styreavsetting i 2021. Sjølv om vi årleg gjer få slike vedtak, kan reduksjonen ha samanheng med den førebyggjande strategien vår.

I 2021 har vi eksempelvis hatt dialogmøte tidleg i prosessen. Det kan ha ført til at styra sjølve har gjort vurderingar og sett i verk tiltak. I ei sak førte dialogmøtet til at to medlemmer gjekk ut av styret, og at det dermed ikkje var behov for å fatte vedtak om styreavsetting.

På same måte som i 2020 har vi heller ikkje meldt stiftelsar til politiet i 2021. Vi har tidlegare år hatt nokre politimeldingar knytte til årsrekneskap. No finst det ordningar i politiet, med faste bøter i slike saker, som til dels erstattar dette behovet. Vi har også innført ny rutine for melding til politiet. Denne sikrar tidleg dialog med andre kontrolletatar i aktuelle saker, og dermed mogleg bruk av andre verkemiddel enn politimelding, til dømes andre forvaltningstiltak eller sanksjonar.

Vi har i større grad enn tidlegare nytta verkemiddel med oppfølging, slik at stiftelsar må sende inn dokumentasjon på rutinar og retting av forhold til Stiftelsestilsynet før vi avsluttar tilsynssakene.



3

Færre søknader frå norske stiftelsar i 2021

Stiftelsestilsynet fekk i 2021 inn 798 søknader frå norske stiftelsar. Det er ein nedgang på om lag 230 søknader frå 2020, og meir på linje med 2019, då Stiftelsestilsynet fekk inn 855 søknader. Nedgangen gjeld alle sakstypar. Unntaket er saker om registrering av nye stiftelsar, der vi såg ein liten auke.

Dei fleste søknadene kom via Samordna registermelding, men vi fekk også i 2021 ein del søknader per e-post.

Oversikt over søknader og saker om rettleiing i 2021

	2019	2020	2021
Stiftelsar			
Nyregistrering	100	107	116
Omklassifisering	3	7	1
Kapitalendring	41	100	41
Dispensasjonar	3	6	5
Oppnemning av styre	5	12	10
Vedtektsendring	464	542	431
Oppheving	207	219	170
Samanslåing	28	33	24
Deling	4	1	0
Sum søknader frå stiftelsar	855	1 027	798
Rettleiing til stiftelsar	114	141	111
Andre saksområde			
Uråderett – stiftelseslova § 55	32	47	40
Beslagsforbod etter dekningslov og arvelov	138	164	139
Samvirkeføretak	4	1	1
Sum søknader etter anna lovverk	174	212	180
Rettleiing på andre saksområde	7	17	39

Stiftelsestilsynet sitt arbeid på andre saksområde

Arbeidet med saker der Stiftelsestilsynet har ansvar etter andre lover enn stiftelseslova, og arbeidet med saker om omdanning av anna enn stiftelsar (stiftelseslova § 55) utgjorde vel to årsverk i 2021. Vi har i året som gjekk, jobba vidare med å få auka finansiering til desse oppgåvene, og vi vil få ei ny juriststilling med verknad frå 2022. Dette vil auke kapasiteten på dette området og samtidig frigjere ressursar til anna saksbehandling retta mot stiftelsar.


3

Trenden med færre stiftelser og høyere kapital heldt fram

Det er framleis fleire stiftelser som blir oppheva enn oppretta. Men stiftelsane som kjem til, har meir kapital.

Ved utgangen av 2021 var det 6385 aktive stiftelser i Stiftelsesregisteret. Det er ein nedgang på 87 frå året før. Dersom vi tar utgangspunkt i egenkapital frå årsrekneskapen for 2020, ser vi at den årlege trenden med auke i samla egenkapital held fram, sjølv om det blir færre stiftelser. Dei fem største stiftelsane som blei registrerte i 2021, hadde ein samla egenkapital på 1,1 milliard kroner. Den samla bokførte egenkapitalen for norske stiftelser er no på over 200 milliardar kroner.

Tal stiftelser og samla bokført egenkapital



Slik kan aktivitetsstiftelser finansierast

Plakat laga
av stiftelsen
Brannbamsen
Bjørnis.



Ein del av stiftelsane som blei oppretta i 2021, er aktivitetsstiftelser. Dei skal realisere formålet gjennom å utføre aktivitet som er bestemt i vedtektene. Slike aktivitetsstiftelser må også ha midlar for å kunne drive verksemd, så korleis har dei tenkt å finansiere aktiviteten sin?

Fleire opprettarar av aktivitetsstiftelser har planlagt at stiftelsen skal finansierast gjennom ein kombinasjon av offentlege og private midlar. Her er to eksempel på slike stiftelser:

Stiftelsen Livs-Lyst har som formål i sine vedtekter «å avmystifisere og de-stigmatisere ordet psykisk syk». Det skal dei mellom anna gjere ved å arrangere konsertar, halde foredrag og samarbeide med fagpersonar. Stiftelsen tar sikte på å skaffe inntekter frå offentlege midlar og frå eiga verksemd.

Vi fekk også registrert **Stiftelsen Brannbamsen Bjørnis** i Stiftelsesregisteret i 2021. Stiftelsen har til formål å «legge til rette for omsorg og trygghet for barn i møte med utrykningspersonell etter brann og ulykker» og å «gi barn kunnskap om brannsikkerhet». Det går fram av stiftelsen sine vedtekter at drifta mellom anna skal finansierast gjennom at brannvesena

3

kan betale ei årleg avgift for å nytte merkevara Bjørnis i eige distrikt, og at merkevara Bjørnis også kan lisensierast til andre aktørar.

I 2021 fekk vi inn 116 søknader om registrering av stiftelsar, og 106 av desse er så langt registrerte i Stiftelsesregisteret. Fleirtalet av dei nye stiftelsane i 2021 er legat. Desse stiftelsane nyttar kapitalen som blei tilført ved opprettinga, til å realisere formålet ved å dele ut pengestøtte til formål bestemt i vedtektene.

Viktig lovarbeid for stiftelsar oppretta i testament

Stiftelsestilsynet har komme med viktige innspel om opprettar sin vilje i ny lov om arv og dødsboskifte.

Stiftelsar kan opprettast i testament, og historisk sett har dette vore ein vanleg måte å opprette stiftelsar på. Fleire av stiftelsane som blei registrerte i 2021, er oppretta på grunnlag av eit testament. Formåla i slike stiftelsar kan vere like varierte som i stiftelsar som blir etablerte mens opprettarane er i live.

Stiftelsar oppretta i testament skal reknast som oppretta på dødsfallstidspunktet til opprettar. Stiftelsen er ein vanleg arving og har såleis same rettar under dødsbuskiftet som andre arvingar. Sjølv om opprettaren i slike tilfelle er død, skal viljen til vedkommande respekterast på same måte som for andre opprettarar. Gjennom arbeidet vårt har vi i erfart at slike stiftelsar kan oppleve stor rettsuvisse, mellom anna på grunn av manglande representasjon ved dødsbuskiftet. Som følge av det har stiftelsar tapt arv dei har krav på ifølge testamentet.

Vi bidrog med våre erfaringar i arbeidet med ny arve- og skiftelovgiving. Ny lov om arv og dødsboskifte tok til å gjelde frå 1. januar 2021. Lova inneheld fleire nye føresegner for å betre vareta stiftelsar som blir oppretta ved testament, og deira interesser under bubehandlinga. I det første året med nye føresegner har vi sett at stiftelsar oppretta ved testament har fått større merksemd hos tingrettane. Dette er godt nytt for stiftelsesforma og respekten for opprettar sin siste vilje. Likevel er det framleis mange utfordringar i slike saker, og det er usikkerheit knytt til både prosessuelle og materielle forhold. Dette gjer at både vi og aktørane som er involverte i dødsbuskifte, bruker store ressursar på å sikre at regelverket blir praktisert på ein måte som varetar stiftelsane sine interesser.



3

Talet på klagesaker i Stiftelsesklagenemnda halvert

I 2021 behandla Stiftelsesklagenemnda 11 klager på vedtak fatta av Stiftelsestilsynet. Det er ein klar nedgang frå dei 22 sakene nemnda behandla i 2020.

Talet på inkomne klager til Stiftelsestilsynet var 26 i 2020 og 22 i 2021. At talet på inkomne klager var dobbelt så høgt som talet på klager nemnda avgjorde i 2021, tyder på at ein stor del av sakene blei avgjorde enten ved at Stiftelsestilsynet sjølv gjorde om vedtaka i klageomgangen, eller at klagen blei trekte.

Statistikk frå Stiftelsesklagenemnda viser at det er variasjonar frå år til år. Dette gjeld både tal saker og typen saker dei behandlar. 2020 og 2019 var ein periode med mange klagesaker: 22 begge åra. I 2018 behandla Stiftelsesklagenemnda til samanlikning 14 klagesaker.

Innsynskrav nesten halvert i 2021

Stiftelsestilsynet behandla i 2021 langt færre innsynskrav i saksdokument enn det som har vore vanleg dei siste åra.

Frå 2017 til og med 2020 behandla vi i gjennomsnitt 1345 innsynskrav årleg. I 2021 var talet redusert til 695.

Vi ser denne nedgangen i samanheng med at Lotteri- og stiftelsestilsynet 1. september 2020 gjekk over til å publisere saksdokument i fulltekst på elnnsyn.no. Gjennom elnnsyn blir offentlege dokument frå saksbehandlinga vår gjort lettare tilgjengelege for publikum, som sjølv kan laste dei ned frå nettstaden. Dette gjer det enklare og raskare for folk å skaffe seg tilgang til opplysningar om stiftelsar, og det aukar openheita om stiftelsane og Stiftelsestilsynet si verksemd.

2021 var det første heile året at denne løysinga for publisering var i bruk. Av totalt 7017 saksdokument for Stiftelsestilsynet i 2021 blei 4863 publiserte i fulltekst på elnnsyn.no. Det vil seie at om lag 70 prosent av saksdokumenta for året er lett tilgjengelege for publikum.

3

Vi jobbar for å styrke brukarane og å vere ein relevant samfunnsaktør

I 2021 har vi blant anna styrkt brukarane med ny nettstad og jobba for å nå målgruppa der dei er, i ein informasjonskampanje på Snapchat. Vi har også vore synlege i samfunnsdebatten på fleire arrangement under Arendalsuka.

Kommunikasjon er viktig for å nå fleire av måla i strategien til Lotteri- og stiftelsestilsynet. Å styrke brukarane, å forenkle og effektivisere og å vende blikket utover handlar mykje om korleis vi kommuniserer og formidlar. Vi har i 2021 jobba med fleire prosjekt som skal bidra til at vi blir betre på dette. Det største løftet for å styrke brukarane våre var ein heilt ny nettstad.

I september 2021 lanserte vi ny nettstad og ny visuell identitet. Den nye nettstaden skal styrke brukarane våre og gjere det enda enklare å finne relevant informasjon og søke på dei ulike ordningane våre.

Vi lanserte også informasjonskampanjen «Svart gambling». Målet med kampanjen var å auke kjennskapen til kven som har lov å tilby pengespel i Noreg, for å forebygge speleproblem og svekke kundebasen til ulovlege speltilbydarar i den norske marknaden. Gjennom kampanjen ville vi gjere unge, mannlege spelarar merksame og meir bevisste på kva risiko dei tar ved å spele hos utanlandske, ulovlege spelselskap. For å nå målgruppa hadde vi kampanjen på Snapchat.

Vi deltok på Arendalsuka i august, både med eige arrangement og som bidragsytarar på scena under fleire andre arrangement. Dette er ein viktig arena der vi kan delta som ein synleg og relevant samfunnsaktør.

Covid-19-ordningane som Lotteri- og stiftelsestilsynet forvalta, har også i 2021 prega kommunikasjonsarbeidet. Mykje av arbeidet har handla om å gjere desse ordningane enkle å forstå og finne fram i for brukarane våre. Internt gjekk mykje av kommunikasjonsressursane våre til dette arbeidet. Det gjorde også at vi måtte prioritere ned andre viktige oppgåver, mellom anna proaktivt mediarbeid og innhaldsarbeid.

3

Ny nettstad og identitet


I september 2021 lanserte vi nye lottstift.no med ny visuell identitet.

Målet med den nye nettstaden er å gjere det enklare for brukarane våre å løyse oppgåvene dei kjem dit for å gjere, enten det er å søke på ulike ordningar, finne informasjon eller ta kunnskapsbaserte val. Vi har arbeidd tett saman med Dekode Interaktiv i prosjektet.

Dei strategiske måla i prosjektet var å

- styrke brukarane
- forenkle for frivilligheita

Desse strategiske måla var med oss heile vegen. Å styrke brukarane var hovudmålet, noko vi meiner vi har lykkast med. Ekstern brukartesting og ingen støy etter lansering tyder på det. Vi har i heile prosjektet sett brukaren i sentrum og gjort det vi kan for å hjelpe brukarane til å finne informasjon og løyse oppgåver effektivt.




Under arbeidet med ny nettside testa vi dei nye løysingane på brukarar. Her frå brukartest hos Dekode i Oslo.

Nettstaden har fått fire nye og meir brukarretta hovudinngangar. Desse er for frivillige lag og organisasjonar, for aktørar som arrangerer lotteri, for spelarar og for stiftelsar. Vi har spesielt jobba med å forenkle og løfte fram innhaldet for frivillige lag og organisasjonar, slik at dei betre kan få oversikt over korleis dei kan skaffe seg inntekter, og korleis dei skal løyse oppgåvene sine.

Dei sentrale aktivitetane i nettprosjektet var

- analyse av innhald
- prioritering av kjerneinnhald, målgrupper og brukaroppgåver
- informasjonsarkitektur og innhaldsstrategi
- strukturering av innhald, toppoppgåver og mindre viktige oppgåver
- krav til kvalitet på nett og universell utforming
- utvikling av funksjonalitet og brukaroppleving

Sjølv om den nye nettstaden er lansert, står det framleis att ein del innhaldsarbeid som vi skal forbetre ytterlegare. Vi har også lagt eit godt grunnlag for at vi skal kunne jobbe betre med strategisk innhald over tid. Dette arbeidet vil halde fram i 2022.



Skjermdump frå ny nettstad.

Når vi først skulle lage ny nettstad, var det naturleg å sjå på vår visuelle identitet som ein del av nettprosjektet. Eit viktig mål har vore at den visuelle profilen skal få fram heilskapen i Lotteri- og stiftelsestilsynet og dei ulike områda vi forvaltar. På same tid skal han spegle samfunnsoppdraget vårt. Resultatet er ein ny visuell identitet som er varmare, litt meir spenstig og meir moderne enn tidlegare. Bielke&Yang har jobba fram den nye visuelle identiteten saman med oss.

Ein del av leveransen til ny identitet var ein illustrasjonsstil som skal vere unik for Lotteri- og stiftelsestilsynet. Illustratør Trond Kulterud, som vi tidlegare har jobba med i ulike prosjekt, fekk oppdraget med å lage illustrasjonar. Tema for illustrasjonane var kvardagslege situasjonar med konkrete element av våre brukaroppgåver på ulike område.

3

Informasjonskampanje om svart gambling

Ikkje spel hos utanlandske spelselskap, dei tilbyr svart gambling, og det er stor risiko knytt til desse spela. Dette var budskapet i kampanjen som vi lanserte sommaren 2021.


Gjennom kampanjen etablerte vi omgrepet «svart gambling», som er pengespel som blir tilbydd av ulovlege selskap i Noreg. Mange utanlandske spelselskap tilbyr spel i Noreg utan løyve frå norske myndigheiter. I desse spela utset spelarane seg for høg risiko.

For å nå målgruppa, som primært var unge menn, gjennomførte vi kampanjen på Snapchat. Gjennom korte Snapchat-filmar med komikar Halvor Johansson i hovudrolla ønskte vi å gjere unge spelarar meir bevisste på kva risiko dei tar ved å spele hos utanlandske, ulovlege spelselskap. Vi utvikla også ei eiga AR-linse med ein quiz der ein kunne lære meir om faren ved å spele hos desse aktørane, og korleis desse selskapa bryt norsk lov. Vi nådde svært godt ut med kampanjen. Over 500 000 har sett videoane, og over 90 000 har delt AR-linsa. Sjølv om kampanjen ikkje var optimalisert for besøk til nettstaden vår, fekk vi over 3000 sidevisingar på kampanjesida. Det viser at vi har nådd godt ut med budskapet, og at fleire ønsker å sette seg meir inn i kva som er lov og ikkje lov i Noreg.

Alle filmene slutta med utsegna «Så veit du det», og det er akkurat det kampanjen har som oppgåve: å auke kunnskapen – spesielt hos unge, mannlege spelarar. Seks av ti nordmenn veit ikkje om desse selskapa har løyve til å tilby spel i Noreg. Tal frå den siste målinga Sentio har gjort for Lotteritilsynet, viser at delen som trur at ulovlege tilbydarar har løyve til å tilby spel i Noreg har sokke frå 40 prosent i desember 2020, til 24 prosent i desember 2021. Det er grunn til å tru at kampanjen har vore sterkt medverkande til dette. Informasjon om kva som er lov og ikkje er viktig for at folk skal kunne ta bevisste val. Det er grunn til å tru at fleire då vil velje lovlege tilbydarar.

Kampanjen er eit tiltak i tråd med *Handlingsplan mot spilleproblemer 2019–2021* og er utvikla i samarbeid med Trigger Oslo.

Frå venstre: Halvor Johansson, AR-linsa og to skjermdumpar frå nokre av annonsane.



3

Informasjonsarbeid knytt til covid-19-tilskotsordninger

I 2021 fekk vi i oppgåve å forvalte fleire støtteordningar for frivilligheita som ein konsekvens av covid-19-utbrotet. Det kravde som året før eit omfattande informasjonsarbeid.

Vi har erfart at god og forståeleg informasjon på nettstaden er sentralt for at brukarane skal vite kva ordning dei skal søke på, og om dei oppfyller vilkåra for å søke. Kommunikasjonstaben har saman med avdeling for frivillighetsstøtte jobba systematisk med å utarbeide informasjon om dei ulike ordningane – og halde han oppdatert. I 2021 la vi ut informasjon på nettstaden om tre ulike ordningar:

- covid-19-tilskot til publikumsarrangement av nasjonal verdi for idrettssektoren
- covid-19-tilskot i forbindelse med arrangement eller aktiviteter
- covid-19-tilskot til dei som fekk momskompensasjon i 2020

To av desse ordningane hadde to søknadsperiodar. Den første gjaldt frå 1. januar til 31. oktober 2021, og den andre frå 1. november til 31. desember 2021.

I tillegg til å lage informasjonssider om alle desse ordningane la vi jamleg ut opplysningar om søkarlistar, puljevise utbetalingar og oppdaterte nøkkeltal når ordningane var avslutta. Målet har vore å gjere det enkelt for både søkarar, journalistar og andre interesserte å finne informasjon og navigere i dei ulike ordningane. Inntrykket vårt er at dei finn fram på ein god måte.

I 2021 hadde vi mindre behov for å gjere ordningane kjende enn i 2020. Fleire visste no at vi forvalta ordningane til frivillige lag og organisasjonar, og vi kunne derfor redusere denne aktiviteten.

Stor trafikk på nettstaden, men mindre synlege i omverda

I 2020 opplevde vi – som ein konsekvens av krisepakane vi forvalta – ein kraftig auke i besøk på nettstaden og omtale i redaksjonelle medium. Det har vore stor trafikk på nettstaden også i 2021, men vi har fått mindre omtale i redaksjonelle og sosiale medium samanlikna med i 2020.

At trafikken har vore stor på nettstaden, heng saman med at vi framleis forvaltar fleire støtteordningar til frivilligheita grunna koronapandemien. I 2020 var det eit stort behov for å gjere det kjent at vi forvalta desse ordningane. I 2021 var dette langt meir etablert, og vi hadde derfor ingen informasjonskampanje i sosiale medium. Medieinteressa for ordninga var også noko mindre i 2021 enn i 2020. Det ser vi av færre omtalar i redaksjonelle og sosiale medium.

Nettstaden

I 2021 stod nesten 258 000 brukarar for nærare 1,1 millionar sidevisingar på nettstaden vår. Vi ser av brukarmønsteret at dei fleste også dette året besøkte oss via PC for å løyse oppgåvene sine. Dette er naturleg, sidan brukarene i større grad nyttar PC enn mobil i søknadsprosessar.

3

Tal besøk på lottstift.no

År	Brukarar	Økter	Sidevisingar
2021	257 973	423 674	1 093 233
2020	335 254	543 684	1 331 436
2019	160 819	264 385	734 346

Brukarar: Med dette meiner vi brukarar som har innleia minst ei økt i løpet av dataperioden.
Økter: Samla tal økter i perioden. Ei økt er tidsrommet der ein brukar nyttar nettstaden aktivt.
Sidevisingar er det samla talet sider som er blitt viste. Gjentatte visingar av same side blir talde med.

Sidevisingar fordelt på område

Lotteri- og stiftelsestilsynet jobbar både med kontroll og forvaltning av private lotteri, stiftelsar og statlege spel og med kontroll av den ulovlege spelmarknaden. Vi forvaltar også fleire tilskotsordningar for frivillige lag og organisasjonar. Under ser du sidevisingar fordelt på desse hovudområda. I tal sidevisingar er frivillighetsområdet det mest besøkte på nettstaden vår.

Sidevisingar fordelt på område

Område	Sidevisingar	Unike sidevisingar
For frivilligheita	481 300	392 454
For aktørar	71 753	65 591
For spelarar	103 300	79 589
For stiftelsar	76 327	61 577

Statistikk for registra våre er ikkje med i tabellen. I 2021 hadde Stiftelsesregisteret 21 384 sidevisingar, og Lotteriregisteret hadde 26 713 sidevisingar.

Kontakt via brukarstøtte

I 2021 fekk vi inn 1595 spørsmål via Zendesk, som er eit kontaktskjema på nettstaden. Dette var første året vi ikkje fekk inn tips gjennom same kanal. Derfor har også tala gått ned sidan 2020.

Redaksjonelle medium

Lotteri- og stiftelsestilsynet blei omtala i langt færre mediesaker i 2021 enn i 2020.

Tal saker i redaksjonelle medium


2019	2020	2021
1 651	2 996	1 763

Mange av sakene i 2021 handla om støtteordningane våre, spesielt i samband med covid-19. Hovudårsaka til at talet på omtalar har gått ned samanlikna med 2020, er at krisepakane i 2020 fekk omfattande omtale fordi det var noko heilt nytt. Sjølv om dei også i 2021 fekk mykje omtale, hadde dei ikkje same nyheitsverdi som året før. I 2020 jobba vi også mykje med å gjere ordningane kjende, men det gjorde vi mindre av i 2021. Samtidig har kommunikasjonsstaben hatt lite ressursar til mediearbeid, som ein konsekvens av andre større oppgåver og prosjekt. Utanom omtale av covid-19-ordningane var det saker om momskompensasjonsordningane, pengespel og pyramidespel som peika seg ut i 2021.

3

Sosiale medium

Den same trenden ser vi i sosiale medium. Lotteri- og stiftelsestilsynet blei i 2021 omtala 1851 gongar i sosiale medium. Det er ein nedgang på 41 prosent frå 2020. Vi blir framleis mest snakka om og til på Twitter (1016 omtalar). På Facebook fekk vi til samanlikning 312 omtalar. Mange av omtalane på Facebook var deling av informasjon knytt til krisepakkeane og andre tilskotsordningar, men likevel ser vi ein markant nedgang frå 2020, då behovet for informasjon om desse ordningane var større. Snapchat-kampanjen er ikkje med i desse tala, sidan Retriever Pulse ikkje har data frå Snapchat.



Teknologi og pengespel på dagsordenen i Arendal

Arendalsuka samlar tusenvis til samfunnsdebattar. Der sette vi teknologi og regulering av pengespel på dagsordenen, samtidig som vi bidrog på fleire andre arrangement.

Saman med IKT-Norge arrangerte vi paneldebatten «Når teknologi blir regulering». Alle veit at teknologien utviklar seg rasande fort, men har du tenkt på at teknologi også er regulering? Vi tok debatten om korleis vi best kan beskytte sårbare spelarar i framtida. Lotteri- og stiftelsestilsynet deltok med direktør Atle Hamar og avdelingsdirektør for pengespel Henrik Nordal i panelet. I tillegg var Tage Pettersen (Høgre), Kari Henriksen (Arbeidarpartiet), Magnus Pedersen (Spillavhengighet Norge) og Chris Allan Simonsen (Trigger) med i debatten. Kommunikasjons- og strategidirektør Marie Havnen leia arrangementet. I tillegg til at det var publikum til stades i Arendal, strøymde vi paneldebatten direkte på nett.

Henrik Nordal innleia også på seminaret «Ny lov om pengespill – hvor går veien videre?» i regi av Stiftelsen Dam. Avdelingsdirektør i Stiftelsestilsynet Siw Heggedal Longvastøl var i panelet i debatten på arrangementet. Stiftelsesforeningen hadde om Næringsdepartementet sitt forslag til endringar i stiftelseslova. Atle Hamar deltok også på arrangementet til Sparebank1 og snakka om korleis stiftelsar kan bidra til grøn omstilling.



Frå venstre: Marie Havnen, Chris Allan Simonsen, Magnus Pedersen og Henrik Nordal. Foto: IKT Norge



Til venstre Tage Pettersen (H) og Atle Hamar, direktør i Lotteri- og stiftelsestilsynet. Foto: IKT Norge

Slik jobba vi med klarspråk

Vi jobbar kontinuerleg med å ha eit klart og godt språk, og har etablert språkarbeid som ein viktig del av alt arbeid vi gjer. Grunna covid-19-restriksjonar måtte vi utsette den planlagde Språkdagen i desember 2021 til 2022. På den årlege språkdagen får vi fagleg påfyll og deler ut pris til tilsette som har utmerkt seg spesielt i språkarbeidet det siste året.

På førespurnad frå Språkrådet deltok vi med innsikt frå språkarbeidet vårt. Bakgrunnen var at Språkrådet skal utarbeide ein mønsterpraksis i samband med den nye språklova. Vi delte informasjon om korleis vi jobbar med klarspråk hos oss, og kva som gjer at vi lykkast godt i språkarbeidet.

Intern styring og kontroll


Ny organisasjonsmodell

Frå januar 2021 innførte vi ein ny organisasjonsmodell. Sjå omtale og organisasjonskart i del II av rapporten.

Arbeid med internkontroll

Gjennom eit omfattande prosjekt i 2020 og 2021 har Lotteri- og stiftelsestilsynet rydda i dokumentstrukturen for internkontroll.

Arbeidsprosessane er delte inn i kjerneprosessar og støtteprosessar, og det er etablert nøkkelkontrollar for kvar prosess.



Samfunnstryggleik og beredskap

Ansvarsområda til Lotteri- og stiftelsestilsynet er ikkje definerte som kritiske samfunnsfunksjonar. Nedetid vil for brukarane i hovudsak medføre manglande utøving av forvaltning og tilsyn, og eventuelt utsett tidspunkt for utbetaling av tilskot. Langvarig fråvær av våre funksjonar kan få økonomiske konsekvensar for brukargrupper, for eksempel frivillige organisasjonar som får momskompensasjon eller økonomisk kompensasjon under pandemien.

Vi har ein beredskapsplan for handtering av beredskaps- og krisesituasjonar, og tiltaka er dimensjonerte med utgangspunkt i vurderingane ovanfor. Dokumentasjon, rolleavklaring, opplæring og øving er tema som leiinga har vurdert hausten 2021. Arbeidet vil halde fram og bli fullført i første kvartal av 2022.

Under pandemien har leiinga lagt vekt på å følge dei nasjonale føringane og løpande informere dei tilsette om situasjonen. Vi har lagt vekt på stabil drift og gode løysingar for heimekontor.

4

Så langt har vi komme gjennom pandemien utan at fråvær som følge av smitte og karantene har medført vanskar for verksemda og gjennomføring av oppdrag. Vårt geografiske område har ikkje vore hardest råka, så det har hjelpt oss ein del.

Økonomistyring og innkjøp

Rekneskapen er omtalt i del 6.

Økonomistyringa i tilsynet har god måloppnåing. Konsekvensane av pandemien er to år med store avvik frå normalen for fleire kostnadskomponentar. Vi har hatt lite reiseaktivitet og mykje heimekontor. Og ikkje minst har omfattande arbeid med krisepakkar medført omdisponering av både medarbeidarar og tenestekjøp.

Arbeidet med å motverke arbeidslivskriminalitet gjennom handtering av innkjøp er eit ansvar statleg sektor har i fellesføringane. Lotteri- og stiftelsestilsynet har dette aspektet med ved anbudsprosessar og inngåing av kontraktar. På våre innkjøpsområde har vi ikkje vurdert risikoen for arbeidslivskriminalitet som stor.

Vi nyttar dei sentrale statlege rammeavtalane på fleire område. Dette meiner vi er både risikoreduserande og effektivt. Ved anbudsprosessar nyttar vi elektronisk løysing for konkurransegjennomføring levert av DFØ.

Riksrevisjonen

Riksrevisjonen sine tilbakemeldingar har også for 2020-rekneskapen vore positive, og vi har hatt ein god dialog om 2021-rekneskapen.

Staten si forvaltning av krisepakkane blei hausten 2020 og våren 2021 revidert. Lotteri- og stiftelsestilsynet har gitt høg prioritet til jobben med å forvalte tilskotsordningane, og vi kjem godt ut i Riksrevisjonen sin rapport frå mai 2021: Dokument 3:10 (2020–2021).

Arbeid med personvern

Personvern er eit felt i stadig utvikling, og vi har kontinuerleg fokus på å oppdatere kunnskap, sikre god opplæring, sette i verk tiltak og oppdatere dokumentasjon, i tillegg til å oppdatere og etterleve våre interne retningslinjer og rutinar. Dette for å oppfylle krava etter personvernregelverket.

Vi har i 2021 rapportert eit mindre avvik til Datatilsynet. Dette blei raskt lukka. Personvernombodet har også vurdert fleire avviksmeldingar. I eitt tilfelle blei vurderinga at det ikkje låg føre brot på regelverket. I to tilfelle blei vurderinga at det låg føre brot på regelverket, men at vi ikkje hadde plikt til å rapportere dei til Datatilsynet. Det vil seie at brota etter personvernforordninga artikkel 33 «sannsynligvis ikke vil medføre en risiko for fysiske personers rettigheter og friheter».

At det blir meldt inn avvik, viser at avviksrutinen fungerer, og at dei tilsette er bevisste på personvern. Alle avvik blir handterte internt i tråd med krava som følger av personvernforordninga, og vi set i verk korrigerande tiltak.

Personvernombodet har starta på utdanning i personvern. Vikarierande personvernombod har deltatt på personvernombodskurs i regi av Juristenes utdannings-senter. Vi har også gjennomført opplæring for nytilsette.

4

Oversikta over all behandling av personopplysningar (artikkel 30-protokoll) er ajourført. Personvernombodet har gjennom året halde seg oppdatert på endringar i regelverket og utviklinga på personvernområdet, og sørgt for å halde den interne personvernhandboka oppdatert.

Vi gjennomførte i 2021 også ei vurdering av personvernkonsekvensar knytte til verksemda sin bruk av Facebook. Bakgrunnen er at Datatilsynet har vedtatt å slutte å nytte Facebook grunna personvernrisikoen dette medfører. Lotteri- og stiftelsestilsynet har konkludert med at vi framleis kan bruke Facebook, mellom anna fordi vi berre nyttar dette som informasjonskanal. Personvernombodet har likevel komme med tilrådingar om tiltak som kan redusere risikoen ytterlegare.

HMT og arbeidsmiljø

Lotteri- og stiftelsestilsynet har definert hovudmål for personalarbeidet. Vi skal

- arbeide strategisk, operasjonelt og analytisk innan personalområdet
- vere ein attraktiv arbeidsplass som legg til rette for personleg og fagleg utvikling
- arbeide aktivt for eit godt fysisk og psykososialt arbeidsmiljø, prega av tillit, respekt og samhandling

Også 2021 var mykje prega av covid-19. Året starta med at alle tilsette sat på heimekontor.

Vi har gjennom året hatt dialog med tillitsvalde og verneombod for å legge til rette for best mogeleg løysingar for dei tilsette innanfor dei gitte rammene. Då dei nasjonale føringane om heimekontor blei fjerna hausten 2021, gjekk vi over til ei hybridløyning i dialog med dei tilsette. Ordninga vi landa på, var inntil to dagar heimekontor i veka og ein fast dag der alle skal vere på kontoret. Denne ordninga praktiserte vi inntil det på slutten av året igjen kom pålegg om heimekontor.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har knytt til seg ekstern bedriftshelseteneste (BHT). Bedriftshelsetenesta har mellom anna gitt tilsette tilbod om ergonomisk rettleiing, influensavaksine og rådgiving knytt til covid-19. Det er også gjennomført førstehjelpskurs for dei tilsette i regi av BHT. I tillegg deltar BHT på møta i arbeidsmiljøutvalet (AMU). I 2021 har vi dessutan gjennomført inneklimamålingar over tid på enkelte kontor.

Sjukefråvær

Sjukefråvær fekk mykje merksemd av organisasjonen i 2019, men vi enda likevel opp på eit sjukefråvær på 6,8 % det året. I 2020 heldt vi fram arbeidet med sjukefråvær og hadde ein betydeleg nedgang med eit sjukefråvær på 2,7 %. I 2021 gjekk sjukefråværet litt opp igjen og enda på 3,1 %, fordelt på 0,8 % eigenmeldt fråvær og 2,3 % legemeldt fråvær. Vi har kontinuerleg fokus på sjukefråvær gjennom året, frå både leiarar og AMU.

Rekruttering og inkluderingsdugnaden

I 2021 gjennomførte vi ni rekrutteringsprosessar. Nokre av desse omfatta fleire stillingar. Vi tilsette totalt sju personar i faste stillingar og sju personar i vikariat/engasjement/traineestilling. Bakgrunnen for rekrutteringsprosessane var at fire tilsette slutta, to gjekk av med AFP, éin gjekk av med pensjon, og to nye faste

4

stillingar blei oppretta på grunn av nye oppgåver. I tillegg styrkte vi organisasjonen med nokre engasjement grunna tilleggsoppgåver knytte til tilskotsordningar som følge av covid-19.

Vi har i all hovudsak god tilgang på søkarar, men i 2021 har trenden gått i retning av færre søkarar. Vi tilsette nokon i alle prosessane med unntak av éin.



Foto av tilsette tatt i forbindelse med rekrutteringskampanje som vi deltok i, i regi av Framtidsfylket.

Vi har ved rekruttering hatt fokus på å nå måla for inkluderingsdugnaden. Erfaringa er som tidlegare år at det er få søkarar som oppfyller kriteria for ordninga. Det var berre éin søkar i éin av prosessane (med unntak av utlysing i inkluderingsdugnaden) som hadde kryssa av for nedsett funksjonsevne. Søkarar med hol i CV-en er det vanskelegare å kartlegge i prosessane. Generelt er det utfordrande å nå måla, då utlysingane våre stiller krav til kompetanse som gjer at søkartilfanget kan bli lite.

Vi har deltatt i og tilsett trainee gjennom staten sitt traineeprogram. I tillegg har vi tilsett ein vikar som oppfyller kriteria for målgruppa til inkluderingsdugnaden.

Delar av leiargruppa har i 2021 gjennomført Difi sine seminar om inkluderingsdugnaden, og vi vil følge dette opp i 2022. Planen er at fleire i rekrutteringsprosessane skal gjennomføre seminarrekka. Vi vil også vurdere å delta i staten sitt traineeprogram for målgruppa i 2022. Utlysingstekstane våre er i samsvar med råd frå Arbeidsgiverportalen.

Vi har tilsett éin ny læring på IT-drift og éin trainee, i tillegg til traineen frå inkluderingsdugnaden.

Informasjon og dialog

Arbeidsgivar og tillitsvalde har faste partssamarbeidsmøte (IDF) kvar tredje veke. IDF utarbeider i fellesskap eit årshjul som dannar ei ramme for arbeidet gjennom året. Arbeidsmiljøutvalet har møte kvart kvartal og elles etter behov. Samarbeidet i begge foruma er godt.

Leiinga har hatt tett dialog med tillitsvalde og verneombod i vurderingar om smitteverntiltak og heimekontor. Dessutan er det avdelingsmøte på kvar avdeling etter fast mønster. I 2021 blei det gjennomført medarbeidarsamtalar med alle tilsette i samsvar med rutinane våre. Alle tilsette har også fått tilbod om lønssamtale i forkant av dei lokale lønsforhandlingane.

4

Likestilling

Lotteri- og stiftelsestilsynet arbeider for å fremme likestilling i samsvar med regelverket og har eit bevisst forhold til dette i samband med rekruttering og lønsplassering.

Vi arbeider med likestilling og mot diskriminering i tråd med lovgiving og anbefalingar. Gjennom personalpolitikken vår legg vi mellom anna til rette for fleksibilitet gjennom fleksitidsordning og heimekontor. Slik kan tilsette ha ein god balanse mellom heim og jobb. Dette har leinga tett dialog med dei tillitsvalde og verneombodet om.

Ved inngangen til 2020 blei det gjennomført ein likestillings- og diskrimineringsanalyse i tilsynet. Resultatet viste at likestillinga i tilsynet er god, og at det er få grunnar til å tru at det går føre seg diskriminering basert på diskrimineringsgrunnlag i likestillingslova. Resultatet av undersøkinga blei lagt fram for dei tillitsvalde og leiargruppa og danna utgangspunkt for vidare arbeid gjennom året. Vi har ikkje gjennomført ein like omfattande analyse i 2021, men vi har gjort eit uttrekk av tal som i all hovudsak viser det same som i 2020. Vi planlegg ein meir omfattande analyse ved utgangen av 2022.

Våre tillitsvalde er involverte i dei fleste prosessane på personalområdet som er omfatta av lova. Dei er direkte involverte i rekrutteringsarbeidet og i arbeid med løns- og arbeidsvilkår og forfremming gjennom forhandlingar. IDF er forumet for involvering i personalpolitiske retningslinjer. I tillegg er dei tilsette representerte i AMU, der ein diskuterer arbeidsmiljøspørsmål. Dette kan i nokre tilfelle vere relevant for arbeidet med likestilling og mot diskriminering. Dei tilsette er også representerte i tilsettingsrådet, og på den måten kan dei vere med på å fremme likestilling og hindre diskriminering i rekrutteringsprosessar.

Gjennomsnittsalderen i Lotteri- og stiftelsestilsynet har i 2021 vore 44,5 år. Det er ein nedgang frå 2020, då gjennomsnittsalderen var på 45,1 år. Det var noko høgare enn 2019, då gjennomsnittsalderen var 44,8 år, mens han i 2018 var 46 år. Mange av dei tilsette har lang fartstid i Lotteri- og stiftelsestilsynet. Heile 16 tilsette har over 15 års ansiennitet, og ytterlegare 8 tilsette har mellom 10 og 14 års ansiennitet. Dette sikrar kontinuitet og erfaring. I 2021 var det tilsett 48,7 % kvinner og 51,3 % menn. Tilsvarende tal for 2020 var 50,6 % og 49,4 %.

Kjønnsfordeling alle tilsette

År	Totalt			Leiarstillingar			Løn
	Kvinner	Menn	Tal tilsette	Kvinner	Menn	Tal tilsette	Kvinner/menn
2018	54,7 %	45,3 %	64	50 %	50 %	4	92,4 %
2019	50,7 %	49,3 %	75	60 %	40 %	5	92,8 %
2020	50,6 %	49,4 %	77	50 %	50 %	6	89,1 %
2021	48,7 %	51,3 %	78	50 %	50 %	8	95,3 %

Ytre miljø

Erfaringane frå pandemien vil truleg medføre varige endringar i arbeidsmåtar og reisemønster. Det er ei allmenn oppfatning at det blir færre jobbreiser, og for vårt vedkommande færre flyreiser. Vi ventar også at persontrafikken til og frå arbeidsplassen vil bli noko mindre enn før, sidan fleire kjem til å nytte fleksible ordningar der dei vekslar mellom heimekontor og frammøte på arbeidsplassen.

Hausten 2021 vedtok Lotteri- og stiftelsestilsynet at vi skal starte ein prosess med å miljøsertifisere verksemda i løpet av det kommande året.

4

Støtteprosess for IT og dokumenthandtering

IT og dokumenthandtering leverer tenester til heile organisasjon, og dette inneber drift og brukarstøtte for IT-infrastruktur, arkiv- og saksbehandlingssystem inkludert innsynsmodul for offentlegheita. I tillegg kjem utvikling og drift av eigenutvikla løysingar som Stiftelsesregisteret, Lotteriregisteret og Anleggsregisteret og dess-utan andre interne saksbehandlings- og søknadssystem, ofte med integrert publikumsdel.

Arbeidet med Stiftelsesregisteret har i 2021 bestått av forvaltning og drift av registeret. Dette omfattar hjelp til avdelinga med tilgang til og arbeid med data. Forvaltning og drift har også vore hovudfokus i arbeidet med Lotteriregisteret. I tillegg har vi innført ny funksjonalitet for rapportering av lotteri i pott og opna for rekneskapsrapportering per kvartal.


Drift av Anleggsregisteret

Anleggsregisteret er eit system for å administrere delar av overskotet frå Norsk Tipping. Lotteri- og stiftelsestilsynet har ansvar for å utvikle og drifte løysinga.

I alle norske fylke og kommunar er det mogleg å søke om støtte til idrettsanlegg, kulturbygg, hytter og løyper i fjellet. I 2021 blei det søkt om over 6 milliardar kroner i spelemidlar, og tildelingane via Anleggsregisteret utgjorde over 1,64 milliardar kroner. I 2021 hadde registeret 402 brukarar frå kommune, fylke, departement og Den Norske Turistforening, og det var 2167 personar som søkte om støtte.

Systemet består av tre søknadsskjema, tre fagsystem og ein publikumsdel. I praksis har vi samla tre løysingar som blir administrerte kvar for seg.

Framgangsmåten kan vi samanfatte slik:



Lotteri- og stiftelsestilsynet kan ikkje pålegge fylka å vere brukarstøtte for kommunane. Vi kan heller ikkje å pålegge kommunane å vere brukarstøtte for søkarane. Likevel har vi inntrykk av at dette er ein praksis som har etablert seg over tid, og som fungerer godt. Vi legg vekt på å ha ein god dialog med fylka, som er ein viktig aktør i samspelet.

Førespurnadene som til slutt kjem til Lotteri- og stiftelsestilsynet, fordeler seg på desse kategoriane:



4

Til neste versjon av Anleggsregisteret har vi 456 oppgåver å ta fatt på. Desse fordelar seg på ny funksjonalitet, framlegg til forbetringar og utbetringar av feil.

Vi har vedtatt å starte to nye prosjekt i 2022. Begge er større enn nokon programmeringsaktivitet som har blitt gjort i Anleggsregisteret sidan oppstarten i 2017. Det første prosjektet gjeld oppgradering av programmeringsrammeverket Vaadin. Det andre store prosjektet blir å lage funksjonalitet for digital behandling av kontroll, revisjon, rekneskapsrapportering og utbetaling for ferdige anlegg. Dette blei utsett då vi opna registeret for publikum og saksbehandlarar i 2017.

Dei 2 221 oppgåvene frå systemet og brukarane i 2021 fordeler seg slik:

Tal oppgåver	Oppgåver
848	Feilmeldingar frå fagsystemet
1 174	Feilmeldingar frå søknadsskjema
161	Førespurnader frå brukarar
37	Feilmeldingar frå andre delar av systemet (Google, driftspartnar Agnitio mfl.)

Dokumenthandtering har medverka vesentleg på tilskotsfeltet og jobba med nytt arkivsystem

I tillegg til dei daglege oppgåvene har dokumenthandtering i 2021 medverka vesentleg til forvaltninga av tilskotsordningane knytte til covid-19. Medarbeidarane sin jobb har vore å sende ut vedtak gjennom tilskotssystemet. Dei har jobba med overvaking i Documaster og SvarUt og hjelpt til med problemløysing ved utsending av vedtak gjennom tilskotssystemet.

Dokumenthandtering har saman med IT også jobba mykje med systemstøtte i arbeidet med det nye arkivsystemet Documaster. Dei har dessutan bidratt i arbeidet med å flytte innhald frå det gamle arkivet til Documaster, og i tillegg hjelpt til med rutineoppdateringar og opprettingar.

I tillegg har dokumenthandtering blant anna

- delt erfaringar med fulltekstpublisering med Statsforvaltaren sine fellestenester
- vore fast medlem i styringsrådet for elnnsyn
- vore med i prosessen for å gi høyringssvar til Kulturdepartementet på utkast til rettleiar om teieplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett
- levert arkivbidrag til dei ulike delane av tilskotssystemet
- følgd opp integrasjonar med våre interne system mot Altinn og Webcruiter
- handtert større utsendingar gjennom SvarUt

4

Omfattande arbeid med heimekontor og auka satsing på informasjonssikkerheit

I 2021 har omfattande bruk av heimekontorløysingar og digitale møte vore krevjande for IT-drift. Omstrukturering og endring i ressursar har kravd mykje kapasitet, men ført til at vi er betre rusta enn tidlegare. IT-drift har rekruttert éin ny tilsett og har no tre årsverk og éin lærling.

Grunna covid-19-restriksjonar har vi jobba mykje med å legge til rette for at tilsette skal kunne jobbe heime. Vi har fått på plass ny VPN-løysing og levert mykje utstyr til heimekontora.

Vi har gjennom heile 2021 sett søkelyset på informasjonssikkerheit. I oktober gjennomførte vi ulike sikkerheitstiltak med informasjonsmateriell, video og e-læring.

Oktober skil seg også ut når det gjeld tal saker med IT-hjelp til eigne tilsette. Oktober er nasjonal sikkerheitsmånad, og vi gjennomførte intensiv kursing og testing ved hjelp av plattforma NanoLearning. Fokuset var på IT-sikkerheit.

Vi har også tatt i bruk eit antitrussel-system frå Microsoft. Dette aukar sikkerheita ved at alle lenker og vedlegg blir kontrollerte før vi tar imot dei. Dessutan har vi fått moglegheit til å rapportere e-postar som er søppel eller phishing-forsøk.

I tillegg hadde vi store prosjekt med omlegging av intranettsider og oppsett av skyløysingar. Vi gjorde også ein jobb med å byte ut programvareverktøyet SharePoint frå lokal til online versjon og gå meir over til Microsoft Teams som intern kommunikasjonsplattform. Resultatet er at vi har lagt betre til rette for samarbeid og delingsplattformer for dei tilsette, noko som har vore spesielt nødvendig under pandemien.

Våren 2021 automatiserte vi også sentralbordløysinga med Phonero, ettersom vi valde å gå vekk frå bemanna sentralbord.

Av andre store prosjekt har vi slutført arbeidet med å byte gamal UPS (avbrottsfri straumforsyning) med ny, og vi har bytt kjølesystem på serverrommet.

Vurdering av framtidsutsikter

Digitalisering gir oss både moglegheiter og utfordringar når vi skal utføre samfunnsoppdraget vårt i framtida.

Den digitale utviklinga går raskt, og vi må heile tida vende blikket utover. Vi har som ambisjon å forenkle og effektivisere arbeidet vårt, både internt og ut mot brukarane. Vi skal alltid jobbe for å ha dei beste verktøya, den beste metodikken og den mest relevante teknologien. Det skal hjelpe oss med å spele brukarane våre gode.

Vi er langt framme digitalt, men det vil krevje mykje av oss å halde fram med å vere det. Å drive med innovasjon og utvikling når vi har knappe ressursar til daglege oppgåver, er ein krevjande balanse. Løysingar som har ein langsiktig effektiviseringsgevinst, krev ofte ressursar på kort sikt. Her må vi heile tida finne balansen mellom å utføre samfunnsoppdraget vårt på kort sikt og å bli betre rusta til å gjere det på lang sikt. Under pandemien har til dømes kompensasjonsordningane kravd mykje av utviklingsmiljøet vårt, og det fører til at andre utfordringar står på vent.

Kampen om arbeidskrafta hardnar til

Gjennom dei siste 20 åra har tilsynet generelt hatt god tilgang på kvalifiserte søkarar, men det siste året har vi erfart at kampen om arbeidskrafta spissar seg til. Vi ser at dersom vi vil få tak i dei beste folka, må vi jobbe på nye måtar og meir målretta for å vise det gode arbeidsmiljøet og dei spennande oppgåvene vi har. Rekruttering vil vere avgjerande for at vi skal kunne utføre samfunnsoppdraget vårt best mogleg også i framtida. I 2022 vil vi mellom anna jobbe vidare med ein HR-strategi for å vidareutvikle det gode grunnlaget vi har.

Behov for nye lover på fleire område

Dagens stiftelseslov treng modernisering. Mykje av denne lova tar utgangspunkt i utfordringar frå 1990-talet. Vi ser fram til at eit nytt lovforslag etter alt å dømme blir lagt fram i 2022. Etter vår oppfatning bør den nye lova sikre eit rammeverk som utviklar filantropien innan trygge rammer, og reflektere den rolla stiftelsane spelar i dag. Den nye lova vil legge rammene for forvaltnings- og tilsynsarbeidet på dette området. Når lova blir vedtatt, er det Stiftelsestilsynet si oppgåve å sikre god informasjon til stiftelsane og å sette i verk eventuelle endringar som følge av nytt lovverk.

Vi trur at stiftelsane vil spele ei større rolle i samfunnet framover. I Europa ser vi at stiftelsar ikkje berre deler ut midlar til allmennyttige formål, men at dei også får ei større rolle når det gjeld tenesteproduksjon overfor både offentlig og privat sektor. Stiftelsar er ein stor bidragsytar i det norske samfunnet, og vi vil bidra til å auke kunnskapen om dette.

Eit sentralt mål på pengespelområdet er å sikre at pengespel og lotteri skjer i trygge former og under offentlig kontroll. I lengre tid har vi sett at spelselskap utan lisens tilbyr spel i den norske marknaden, og tilsynet bruker mykje ressursar på å sikre at lovlege norske aktørar er dei einaste som tilbyr pengespel her i landet. Det er mykje som tyder på god effekt av dei regulerings- og styresmaktene har innført i seinare år.

5

Dei ulovlege spelselskapa taper terreng i Noreg. Den norske einerettsmodellen har ein solid posisjon. Det viktigaste vi må gjere framover er å redusere veksten i omsetning på dei lovlege spela med høgast risiko. Viss vi ikkje får til det, vil formåla få ein nedgang i overføringar og skadeomfanget av problemspel vil bli større. Parallelt må vi halde dei ulovlege tilbydarane ute. Dess betre vi lykkast med det, dess strengare kan vi regulere den lovlege markanden. Den nye lova om pengespel skal gi oss eit godt nok rammeverk til å regulere ein sterkt teknologidrivne pengespelmarknad.

Vi er rusta til å ta på oss fleire oppgåver

Frivilligheitsområdet har dei seinare åra fått ein større oppgåveportefølje, også når vi ser bort frå pandemien og forvaltning av kompensasjonsordningane for frivilligheita. Med den fagkompetansen og dei systemløysingane vi har bygd opp over tid, er vi rusta til å ta på oss fleire oppgåver på frivilligheitsområdet.

Lotteri- og stiftelsestilsynet vurderer at vi har god evne til å nå fastsette mål og levere forventna resultat på lengre sikt. Vi har stabilitet i kjernekompetansen, og organisasjonen har ein endringskultur som gjer oss i stand til å prioritere nye oppdrag, samtidig som vi utfører samfunnsoppdraget vårt på ein god måte. Dette reknar vi som nøkkelfaktorar for å lykkast i framtida.



I 2021 markerte vi Lotteri- og stiftelsestilsynet sitt 20-årsjubileum. Her frå personalmarkering i august.

Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen

Formål

Lotteri- og stiftelsestilsynet er underlagt Kultur- og likestillingsdepartementet og er eit ordinært statleg forvaltningsorgan som fører rekneskap etter kontantprinsippet. Tilsynet er statens fagorgan på områda lotteri og pengespel, stiftelsar, moms-kompensasjon til frivillige organisasjonar og tilsyn med Grasrotandelen. Dei primære målgruppene for tilsynet er frivillige organisasjonar og stiftelsar.

Del II i årsrapporten inneheld ein introduksjon til tilsynet og hovudtal for verksemda.

Stadfesting

Årsrekneskapen er levert i tråd med føresegnene om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Kultur- og likestillingsdepartementet i instruks om økonomistyring.

Eg meiner rekneskapen gir eit dekkande bilde av tilsynet sine disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter og inntekter.

Vurdering av vesentlege forhold

Lotteri- og stiftelsestilsynet har disponert løyvingar på utgiftssida på til saman 4 308 276 000 kroner. Ordningane for momskompensasjon utgjer 2 133 713 000 kroner av tildelingane, og kompensasjonsordningane for arrangørar på kultur-, frivilligheits- og idrettsfeltet utgjer 2 078 200 000 kroner. For den sistnemnde ordninga er det eit mindreforbruk som blir overført til 2022.

Løn utgjer 64 prosent av driftsutgiftene. Her har vi ein moderat auke, for vi låg på 63 prosent året før. Lønsdelen ligg om lag på gjennomsnittet for statleg sektor.

Lotteri- og stiftelsestilsynet fekk i supplerande tildelingsbrev nr. 2 frå 24. juni 2021 fullmakt til å belaste kapittel 325 post 77 med inntil 11,2 millionar kroner for utgifter til forvaltning av stimuleringsordningane i 2021. Det er rekneskapsført 11 249 000 kroner.

Ekstrajobben i 2021 blei finansiert innanfor denne summen. Samtidig fekk jobben med stimuleringsordningane konsekvensar for andre jobbar. Vi måtte mellom anna nedprioritere ferdigstilling av systemløyving for tilskotsforvaltning og fekk ikkje den framdrifta vi hadde lagt til grunn i verksemdsplan og budsjett disponering. Forskyving av utviklingsjobbar på grunn av kapasitetsmangel er årsaka til at kapittel 330 post 01 har eit netto mindreforbruk på 5 millionar kroner.

I endeleg tildelingsbrev frå 26. januar 2021 fekk vi fullmakt til å belaste 1,5 millionar kroner av løyvinga under kapittel 315 post 70 for administrasjon av ordningane for momskompensasjon. Det er rekneskapsført 1 284 000 kroner.


Kapittel 3339 post 02 har ei mindreinntekt på 432 000 kroner. Dette får betydning ved berekning av overført beløp på post 01, jf. meirinntektsfullmakt. Trass i mindreinntekt på 02 la vi i prognosen hausten 2021 til grunn ei større mindreinntekt enn det som blei sluttresultatet. Rekneskapsført beløp er 802 000 kroner høgare enn i 2020, og dette tok vi ikkje tilstrekkeleg høgde for ved sluttrekninga av driftsbudsjettet. Gjennom året tyda tal og prognosar på at 2021 ville bli relativt likt 2020 med omsyn

6

til marknad og tal bingoløyve. Noko av årsaka til at tala i 2021-rekneskapen blei høgare, er at nokre bingoentreprenørar fekk løyve til å vente med betaling av 2020-faktura til første kvartal 2021 grunna den vanskelege situasjonen pandemien førte til i 2020. For desse fekk vi ein dobbelteffekt i 2021.


Tal utførte årsverk er 70. Det er 3 meir enn året før.

Figuren under viser utviklinga i driftsutgifter. Varer og tenester har lege stabilt dei seinare åra, mens løn har hatt ein moderat auke, hovudsakleg som følge av fleire årsverk.



Våre største leverandørar i 2021 var: det finske konsultentselskapet Vaadin Oy (9,1 millionar), som vi nyttar til utvikling av systemløysing for tilskot, huseigar Futurum (6,8 millionar) og Cerit Fjordane IT (5,2 millionar), som er vår hovudleverandør på IKT.

Lotteri- og stiftelsestilsynet er finansiert gjennom avgifter, gebyr og refusjonar. Dei største inntektskomponentane er refusjonen frå Norsk Tipping og årsavgift frå stiftelsar.



Årsavgifta frå stiftelsane har lege stabilt lenge. Refusjonen frå Norsk Tipping har hatt ein moderat auke.

Det har over tid vore god stabilitet og tryggleik på inntektskomponentane og inntektsmodellen. Innkrevjingsprosenten for årsavgift frå stiftelsar er tilnærma hundre.

Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er revisor og skal stadfeste årsrekneskapen for Lotteri- og stiftelsestilsynet. Årsrekneskapen er per dags dato ikkje ferdig revidert, men revisjonsberetninga er venta klar i andre kvartal 2022.

Førde, mars 2022

Atle Hamar
direktør

Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Lotteri- og stiftelsestilsynet er utarbeidd og levert etter nærare retningslinjer i føresegn om økonomistyring i staten («føresegnene»), fastsette 12. desember 2003 med endringar, seinast 23. september 2019.

Årsrekneskapen er i samsvar med føresegnene punkt 3.4.1, nærare føresegn i Finansdepartementet sitt rundskriv R-115 og eventuelle tilleggskrav fastsette av eige departement.

Oppstillinga av bevilgningsrapporten omfattar ein øvre del med bevilgningsrapport og ein nedre del som viser beholdningar som verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Oppstillinga av artskontorrapporten har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser grupper av kontoar som inngår i mellomvære med statskassa.

Følger kalenderåret

Oppstillinga av bevilgnings- og artskontorrapporten er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2. – dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen.

Rekneskapen følger kalenderåret:

- Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.
- Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillinga av bevilgnings- og artskontorrapporten er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa er i tråd med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til bevilgningsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Alle statlege verksemder er knytte til statens konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.7.1. Ordinære forvaltningsorgan (bruttobudsjetterte verksemder) blir ikkje tilførte likviditet gjennom året. Ved slutten av året blir saldoen nullstilt på den enkelte oppgjerskontoen.

Bevilgningsrapporten

Bevilgningsrapporten viser rekneskapstal som Lotteri- og stiftelsestilsynet har rapportert til statsrekneskapen. Informasjonen blir stilt opp etter dei kapittel og postar i bevilgningsrekneskapen som tilsynet har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser finansielle egedelar og forpliktingar tilsynet står oppført med i statens kapitalrekneskap. Kolonna for samla løyving viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar kombinasjon av kapittel/post.

Artskontorrapporten

Artskontorrapporten viser rekneskapstal som Lotteri- og stiftelsestilsynet har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrett for disponible løyvingar på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast og blir derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

Note 8 til artskontorrapporten viser skilnader mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa.

Bevilgningsrapport for 2021

Utgifts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla løyving	Rekneskap 2021	Meirutgift (-) og mindre- utgift
0339	Lotteri- og stiftelsestilsynet	01	Driftsutgifter	A, B	90 346 000	85 737 079	4 608 921
0339	Lotteri- og stiftelsestilsynet	21	Spesielle driftsutgifter	A, B	6 017 000	7 064 484	-1 047 484
0315	Frivillighetsformål	70	Mva.-kompensasjon (frivillige organisasjonar)	A	1 838 920 000	1 818 703 488	20 216 512
0315	Frivillighetsformål	82	Mva.-kompensasjon (bygging av idrettsanlegg)	A	294 793 000	292 945 348	1 847 652
0325	Frivillighetsformål	77	Kompensasjonsordningar for arrangørar	A, B	2 078 200 000	1 994 463 676	83 736 324
1633	Nettoordning for mva. i staten	01	Driftsutgifter		0	6 352 545	
Sum utgiftsført					4 308 276 000	4 205 266 620	

Inn- tekts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst		Samla løyving	Rekneskap 2021	Meirinntekt og mindre- inntekt(-)
3339	Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar	02	Gebyr frå lotteri	B	8 692 000	8 260 278	-431 722
3339	Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar	04	Registreringsgebyr frå stiftelsar	B	170 000	173 800	3 800
3339	Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar	07	Inntekter ved oppdrag	B	7 170 000	8 827 000	1 657 000
5568	Sektoravgifter under Kulturdepartementet	71	Årsavgift frå stiftelsar	B	24 094 000	24 934 783	840 783
5568	Sektoravgifter under Kulturdepartementet	73	Refusjon frå Norsk Tipping og Rikstoto		46 644 000	46 644 000	0
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse		0	4 181 053	
5700	Arbeidsgivaravgift	72	Arbeidsgivaravgift		0	7 788 209	
Sum inntektsført					86 770 000	100 809 123	

Netto rapportert til bevilgningsrekneskapen		4 104 457 497
Kapitalkontoar		
60075901	Noregs Bank KK / innbetalingar	114 653 648
60075902	Noregs Bank KK /utbetalingar	-4 216 543 336
703803	Endring i mellomvære med statskassa	-2 567 809
Sum rapportert		0

Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12)

		31.12.2021	31.12.2020	Endring
703803	Mellomvære med statskassa	-5 231 010	-2 663 202	-2 567 808

Note A: Forklaring av samla løyving

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets tildelingar	Samla løyving
33901	266 000	90 080 000	90 346 000
33921	52 000	5 965 000	6 017 000
31570	0	1 838 920 000	1 838 920 000
31582	0	294 793 000	294 793 000
32577	0	2 078 200 000	2 078 200 000

I tildelingsbrevet frå 26. januar 2021 fekk Lotteri- og stiftelsestilsynet fullmakt til å belaste 1,5 millionar kroner av løyvinga under kap. 315 post 70 for administrasjon. Det blei belasta 1 284 000 kroner, som inngår i rekneskapsført beløp. I supplerande tildelingsbrev nr. 2 frå 24. juni 2021 fekk vi fullmakt til å belaste kap. 325 post 77 med inntil 11,2 millionar kroner for utgifter til forvaltning av stimuleringsordningane. Det blei belasta 11 249 000 kroner, som inngår i rekneskapsført beløp.

Note B: Forklaring av brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (-) / mindreutgift	Utgiftsført av andre etter avgitte belastningsfullmakter (-)	Meirutgift (-) / mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	Meirinntekter / mindreinntekter (-) etter meirinntektsfullmakt (justert for eventuell mva.)	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå neste års løyving	Innsparingar (-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp*	Mogleg overførbart beløp berekna av verksemda
33901		4 608 921	4 608 921	412 861				5 021 782	4 504 000	4 504 000
33921	«kan overførast»	-1 047 484	-1 047 484	1 657 000				609 516		609 516
32577	«kan overførast»	83 736 324	83 736 324	0				83 736 324		83 736 324

* Maksimalt beløp som kan overførast, er 5 % av årets løyving på driftspostane 01–29, unntatt post 24, eller sum av dei siste to års løyvingar for postar med stikkordet «kan overførast». Rundskriv R-2/2013 inneheld meir informasjon om overføring av ubrukte løyvingar.

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Romartalsvedtak

Det er knytt meirinntektsfullmakt til kapittel/post 33901, jf. Prop. 1 S (2019–2020). Løyvinga under kapittel/post 33901 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kapittel/post 333902, 333904 og 556871. Det er knytt meirinntektsfullmakt til kapittel/post 33921, jf. Prop. 1 S (2018–2019). Løyvinga under kapittel/post 33921 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kapittel/post 333907. Ubrukte meirinntekter kan reknast med ved utrekning av overførbare beløp.

Overførbart beløp

Lotteri- og stiftelsestilsynet si ubrukte løyving på kapittel/post 33901 er på til saman 4 504 000 kroner, og dette blir rekna som mogleg overføring til neste budsjettår ut frå 5 %-regelen. Beløpet som står på kapittel/post 33921, kan overførast i sin heilskap, då stikkordet «kan overførast» er knytt til kapittel/post. Kapittel/post 32577 har eit mindreforbruk på 83 736 324 kroner, og posten har stikkordet «kan overførast».

Løyvingane under kapittel/post 31570 og 31582 er ikkje overførbare. 31582 har eit mindreforbruk på 1 847 652 kroner. Året før var det eit meirforbruk på 771 000 kroner, og det blei i forklaringar til statsrekneskapen gjort greie for at det i 2021 blir lagt opp til eit tilsvarande mindreforbruk. Dette er i tråd med reglane for ordninga, som seier at eventuelle tildelingar som følge av klagebehandling som ikkje lar seg dekke innanfor løysinga gjeldande år, skal dekkast over neste års løyving.

Artskontorrapport for 2021

	Note	2021	2020
Driftsinntekter rapporterte til bevilgningsrekneskapen			
Innbetalinger frå gebyr	1	8 434 078	7 635 923
Andre innbetalinger	1	8 827 000	9 230 000
Sum innbetalinger frå drift		17 261 078	16 865 923
Driftsutgifter rapporterte til bevilgningsrekneskapen			
Utbetalinger til løn	2	63 986 573	59 169 534
Andre utbetalinger til drift	3	35 983 527	37 186 165
Sum utbetalinger til drift		99 970 100	96 355 699
Netto rapporterte driftsutgifter		82 709 022	79 489 776
Investerings- og finansutgifter rapporterte til bevilgningsrekneskapen			
Utbetaling til investeringar	5	2 611 822	2 039 608
Utbetaling av finansutgifter	4	2 131	2 025
Sum investerings- og finansutgifter		2 613 953	2 041 633
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		2 613 953	2 041 633
Innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	6	75 662 853	69 506 095
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten		75 662 853	69 506 095
Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten			
Utbetalinger av tilskot og stønader	7	4 096 330 022	3 719 957 326
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten		4 096 330 022	3 719 957 326
Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel			
Gruppelivsforsikring, konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		96 984	90 500
Arbeidsgivaravgift, konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		7 788 209	7 256 410
Nettoføringsordning for meirverdiavgift, konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		6 352 545	6 679 692
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel		-1 532 648	-667 218
Netto rapportert til bevilgningsrekneskapen		4 104 457 497	3 731 315 422
Oversikt over mellomvære med statskassa			
Eigedelar og gjeld		2021	2020
Skuldig skattetrekk og andre trekk		-2 409 541	-1 947 049
Skuldig meirverdiavgift		-737 524	-712 853
Løn (negativ netto, for mykje utbetalt løn m.m.)		2 010	
Differansar på bank og uidentifiserte innbetalinger		-2 085 955	-3 300
Sum mellomvære med statskassa	8	-5 231 010	-2 663 202

Note 1: Inntekter rapporterte til bevilgningsrekneskapen

	2021	2020
Innbetalinger frå gebyr, avgifter og refusjonar		
Gebyr frå lotteri	8 260 278	7 457 813
Registreringsgebyr frå stiftelsar	173 800	178 110
Sum innbetalinger frå gebyr	8 434 078	7 635 923
Andre innbetalinger		
Oppdrag med utvikling av Anleggsregisteret	2 600 000	2 600 000
Handlingsplan mot speleproblem	6 227 000	6 630 000
Sum andre innbetalinger	8 827 000	9 230 000
Sum innbetalinger frå drift	17 261 078	16 865 923

Note 2: Utbetalinger til løn

	2021	2020
Løn	51 364 256	47 881 950
Arbeidsgivaravgift	7 788 209	7 256 410
Pensjonsutgifter	5 830 089	5 299 829
Sjukepengar og andre refusjonar (–)	-2 464 950	-2 263 022
Andre ytingar	1 468 969	994 367
Sum utbetalinger til løn	63 986 573	59 169 534
Tal årsverk	70	67

Note 3: Andre utbetalinger til drift

	2021	2020
Husleige	6 216 380	6 184 290
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale	25 506	843 104
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	1 488 860	1 474 926
Reparasjon og vedlikehald av maskiner, utstyr m.m.	234 886	407 256
Mindre innkjøp av utstyr	392 631	408 234
Leige av datautstyr og system (årlege lisensar m.m.)	4 077 013	5 126 315
Kjøp av konsulenttenester	11 205 453	10 839 761
Kjøp av framande tenester	8 869 154	8 399 291
Reiser og diett	461 952	619 961
Andre driftsutgifter	3 011 692	2 883 029
Sum andre utbetalinger til drift	35 983 527	37 186 165

Det er i 2021 ført eit bilag med sum på 132 527 kroner som IT-kjøp under 50 000 kroner. Rett kontering er konto 4980 for kjøp over 50 000 kroner, jf. note 5.

Det finske konsultentselskapet Vaadin Oy blir nytta til utvikling av systemløysing for tilskot og utgjer størstedelen av konsulenttenestene med 9,1 millionar kroner i 2021.

6

Note 4: Finansutgifter

	2021	2020
Utbetaling av finansutgifter		
Renteutgifter	2 131	2 025
Sum utbetaling av finansutgifter	2 131	2 025

Note 5: Utbetaling til investeringar og kjøp av aksjer

	2021	2020
Utbetaling til investeringar		
Maskiner og transportmiddel	27 120	0
Inventar, datamaskiner (serverar m.m.)	2 584 702	2 039 608
Sum utbetaling til investeringar	2 611 822	2 039 608

Note 6: Innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten

	2021	2020
Refusjon frå Norsk Tipping	44 099 144	41 821 144
Refusjon frå Norsk Rikstoto	2 544 856	2 544 856
Avgifter på stiftelsesområdet	24 934 783	24 593 920
Tilfeldige og andre inntekter	4 084 070	546 175
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten	75 662 853	69 506 095

Tilfeldige og andre inntekter gjeld tilbakebetalt momskompensasjon som mottakar ikkje har hatt krav på. Fire mottakarar måtte gjere slik tilbakebetaling i 2021.

Note 7: Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten

	2021	2020
Meirverdiavgiftskompensasjon til frivillige organisasjonar	1 817 419 779	1 684 998 364
Meirverdiavgiftskompensasjon ved bygging av idrettsanlegg	292 945 348	290 420 481
Kompensasjonsordningar for arrangørar innan kultur, frivilligheit og idrett	1 983 214 895	1 741 938 481
Tilskot til handlingsplan mot speleavhengigheit	2 750 000	2 600 000
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten		
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten	4 096 330 022	3 719 957 326

6

Note 8: Samanheng mellom avrekning og mellomvære med statskassa

	31.12.2021 Spesifisering av bokført avrekning med statskassa	31.12.2021 Spesifisering av rapportert mellomvære med statskassa	Skilnad
Omløpsmidlar			
Kundefordringar	454 024	0	454 024
Sum	454 024	0	454 024
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-2 078 062	0	-2 078 062
Skuldig skattetrekk	-2 409 541	-2 409 541	0
Skuldig meirverdiavgift	-737 524	-737 524	0
Anna kortsiktig gjeld	-415 818	-2 083 946	1 668 128
Sum	-5 640 945	-5 231 011	-409 934
Sum	-5 186 921	-5 231 011	44 090



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Storehagen 1B – Postboks 800, 6805 Førde
Tlf.: 57 82 80 00
postmottak@lottstift.no
lottstift.no